



Innkalling  
av  
Kommunestyret

**Møtedato:** 11.12.2019  
**Møtestad:** Kantina, Nordhordlandshallen  
**Møtetid:** 12:00 -

Eventuelle forfall må meldast til Tove Mette Arnø Fyllingen per tlf. 474 64 145, sms til 474 64 145 eller per epost til [tove.mette.fyllingen@lindas.kommune.no](mailto:tove.mette.fyllingen@lindas.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
070/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
071/19	Godkjenning av møteprotokoll
072/19	Melding frå kontrollutvalet 27.11.2019
073/19	2. tertialrapport 2019
074/19	Spleiselag til gåve for unge idrettsutøvarar
075/19	Søknad om støtte til festkonsert for Alver kommune 31.12.2019
076/19	Klage på vedteken plan - områdeplan for Lonena - plan-ID 1263-201610

6. desember 2019

Astrid Aarhus Byrknes  
ordfører

Tove Mette Arnø Fyllingen  
møtesekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
070/19	Kommunestyret	PS	11.12.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	19/3230

## Godkjenning av innkalling og saksliste

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**  
Innkalling og saksliste vert godkjent

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
071/19	Kommunestyret	PS	11.12.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	19/3230

## Godkjenning av møteprotokoll

### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 15.10.2019

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 15.10.2019  
**Møtestad:** Kantina, Nordhordlandshallen  
**Møtetid:** 12:00 - 13:45

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Dag Hugaas	AP	Medlem
Ståle Juvik Hauge	AP	Medlem
Hogne Brunborg	AP	Medlem
Leidulv Brunborg	AP	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Andreas Dyngen	Uavh	Medlem
Gro Anita Høgquist	H	Medlem
Ingrid J.Fjeldsbø	H	Medlem
Olav Magnus Steinsland	H	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Ordfører
Asle Hetlebakke	KRF	Medlem
May Eva Sandvik	H	Medlem
Leif Hosøy Sleire	KRF	Medlem
Bent Risøy	KRF	Medlem
Vetlemøy Wergeland	KRF	Medlem
Malin Helene Andvik	KRF	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Medlem
Anna K.Valle	SP	Medlem
Jarle Vassdal	SP	Medlem
Jørgen Herland	SP	Medlem
Håkon Reigstad	SP	Medlem
Sveinung Toft	V	Medlem
Anita Bakken	MDG	Medlem
Leif Erik Gullanger	SV	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Nina Bognøy	AP	Varaordfører
Tove Linnea Brandvik	AP	Medlem
Bjarte Vatnøy	FRP	Medlem
Øystein Reidar Moldeklev	FRP	Medlem



Karl Vågstøl	H	Medlem
Odd Leif Mjøs	KRF	Medlem
Sæbjørg Hageberg Kjeka	KRF	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Mette Marei Træland	AP	Tove Linnea Brandvik
Geir Ove Hopsdal	FRP	Bjarte Vatnøy
Henning Fyllingsnes	H	Karl Vågstøl
Pål Inge Fosse Hopland	AP	Nina Bognøy
Bjarne Martin Gausvik	KRF	Sæbjørg Hageberg Kjeka
Olav Myhr	KRF	Odd Leif Mjøs

#### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hogne Haugsdal-ass.rådmann, Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar plan, Siril Therese Sylta-avd.leiar buggesak, Terje Villanger-rådgjevar, Tove Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Trude Langedal-rådgjevar plan, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

## Sakliste

Saknr	Tittel
066/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
067/19	Godkjenning av møteprotokoll
068/19	Kommuneplanen sin arealdel for Lindås 2019-2031 - Framlegg til 2. gangs handsaming - planid 1263-201805
069/19	Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen(2019-2031) med planID 1263-201701 - framlegg til 2.gangs handsaming

### 066/19: Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### 15.10.2019 Kommunestyret

Då varaordførar har forfall kom det framlegg om Dag Hugaas som settevaraordførar i møtet. Framlegget vart samrøystes vedteke. Ingen merknader til innkalling og sakliste, samrøystes.

#### KO - 066/19 VEDTAK:

Innkalling og sakliste er godkjent. Dag Hugaas er vald som settjeordførar i møtet.

---

### 067/19: Godkjenning av møteprotokoll

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

**15.10.2019 Kommunestyret**  
Ingen merknader, samrøystes.

**KO - 067/19 VEDTAK:**  
Møteprotokollen er godkjent.

---

**068/19: Kommuneplanen sin arealdel for Lindås 2019-2031 - Framlegg til 2. gangs handsaming - planid 1263-201805**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Kommunestyret i Lindås vedtar Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 – planid 1263-201805 – i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med dei endringane som er lagt fram i saka.

**15.10.2019 Plan- og miljøutvalet**

Orientering til saka v/Marte Eriksrud-rådgjevar Plan og Siril Sylta-einingsleiar Byggesak  
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**PM - 105/19 INNSTILLING:**

Kommunestyret i Lindås vedtar Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 – planid 1263-201805 – i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med dei endringane som er lagt fram i saka.

**15.10.2019 Kommunestyret**

Ass.rådmann Hogne Haugsdal orienterte.  
Innstillinga frå plan- og miljøutvalet vart samrøystes vedteke.

**KO - 068/19 VEDTAK:**

Kommunestyret i Lindås har vedteke Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 – planid 1263-201805 – i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med dei endringane som er lagt fram i saka.

---

**069/19: Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen(2019-2031) med planID 1263-201701 - framlegg til 2.gangs handsaming**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

Kommunestyret i Lindås vedtar Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen(2019-2031) – planid 1263-201701 – i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med dei endringane som er lagt fram i saka.

**15.10.2019 Plan- og miljøutvalet**

Orientering til saka v/Trude Langedal-rådgjevar Plan  
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**PM - 106/19 INNSTILLING:**

Kommunestyret i Lindås vedtar Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen(2019-2031) – planid 1263-201701 – i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med dei endringane som er lagt fram i saka.

## 15.10.2019 Kommunestyret

### Framlegg om tillegg til innstillinga frå plan- og miljøutvalet:

- Leggje inn eit føresegnsområde # på BOP 1; dersom kommunen etter nærare utgreiing finn at området ikkje kan nyttast i samsvar med føremåler, skal arealet nyttast i samsvar med LNF-føremålet.
- Leggje inn områdeplan for Lonena om sone H910 i føresegnene, sone der reguleringsplanar vedteke før kommuneplanen sin arealdel fortsatt skal gjelde uendra (ligg i plankartet)
- Innarbeide endringar i føresegner og planskildring iht.avklaringar knytt til motsegn.

Innstillinga frå plan- og miljøutvalet med tillegg vart samrøystes vedteke.

### KO - 069/19 VEDTAK:

Kommunestyret i Lindås vedtar Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen(2019-2031) – planid 1263-201701 – i samsvar med plan- og bygningslova § 11-15, med dei endringane som er lagt fram i saka.

- Leggje inn eit føresegnsområde # på BOP 1; dersom kommunen etter nærare utgreiing finn at området ikkje kan nyttast i samsvar med føremåler, skal arealet nyttast i samsvar med LNF-føremålet.
  - Leggje inn områdeplan for Lonena om sone H910 i føresegnene, sone der reguleringsplanar vedteke før kommuneplanen sin arealdel fortsatt skal gjelde uendra (ligg i plankartet)
  - Innarbeide endringar i føresegner og planskildring iht.avklaringar knytt til motsegn.
-

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
072/19	Kommunestyret	PS	11.12.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	17/911

## Melding frå kontrollutvalet 27.11.2019

### Vedlegg:

2019 11 27 Møteutskrift - Lindås kontrollutval

Lindås kontrollutval - Oppfølging -Forvaltningsrevisjon Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø

### Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering

.....

### Saksopplysningar:

Sjå vedlegg

.....



## KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møte: 27. november 2019 kl. 10.00 – 12.00

Stad: Alver hotel - møterom

Tilstade: Leif Erik Gullanger (leiar), Rolf Henning Hegland (nestleiar),  
Kåre Helge Østrem (medlem) og Anne Kristin Tønning (medlem)

Forfall: Rebecca Duesund Fjeldsbø

Varamedlem vart kalla inn, men kunne ikkje møte grunna  
kort varsel om forfall

Innkalla: Grunna forfall var det derfor 4 av 5 medlemmar til stades i møtet

Frå revisjonen: Rekneskapsrevisor Espen Hordvik, Deloitte (til sak 51-53/19)

Sekretær: Øivind Olsnes

---

### 58/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent

### 59/19 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

**Saksvedlegg:**

Møteutskrift frå møte den 16.10.2019

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Møteutskrift frå møte den 16.10.2019 er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Møteutskrift frå møte den 16.10.2019 er godkjent



**60/19 Skriv og meldingar:**

Saksvedlegg:

- a) Vedtak Alver kommunestyre - Val av kontrollutval for perioden 2019 - 2023

Saksopplysningar:

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

**61/19 Presentasjon; Interimsrevisjon 2019 og orientering om bestemmelse om etterlevelseskontroll**

Saksvedlegg:

2. tertialrapport 2019 – Lindås kommune

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. Kommunelova § 77.4, der det mellom anna står:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»*

Vidare har kontrollutvalet ansvar for å sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, jf. Forskrift om kontrollutvalg § 4, der det mellom anna står:

*«Kontrollutvalget skal føre det løpande tilsyn og kontroll med den kommunale eller fylkeskommunale forvaltningen på vegen av kommunestyret eller fylkestinget, herunder påse at kommunen eller fylkeskommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»*

Det nyvalde kontrollutvalet for Alver kommune trer ikkje i funksjon før etter nyåret. Det ligg derfor til kontrollutvalet for Lindås kommune å sjå til at revisjonen har utført sin interimsrevisjon av rekneskapet for 2019.

Revisjonen har opplyst at deira interimsrevisjon er under arbeid og at arbeidet ikkje vil vere avslutta før tett opp mot møtet i utvalet. Det ligg derfor ikkje føre noko rapport som kan sendast ut saman med innkalling. Revisjonen vil under saka presentere sin rapport for gjennomført revisjon av årsrekneskapet for 2019.



I møtet vil revisjonen også gje ei orientering om *etterlevingskontroll*, som trer i kraft for rekneskapsåret 2019. Revisjonen vil leggje opp til ei drøfting av saka med utvalet.

Dersom det ikkje kjem fram noko særskilt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tek oppsummeringa etter interimrevisjon 2019 frå Deloitte til orientering.

**Behandling i møte:**

Rekneskapsrevisor Espen Hordvik, Deloitte deltok under behandlinga og orienterte om saka.

Det vil seinare verte laga ein rapport som vert å behandle av KU for Alver

I møtet vart det orientert om følgjande:

- Det er noko attståande oppfølging
- Generelt om internkontroll
- Innkjøp og fakturamottak
  - Gjennomgang og vurdering av rutinar, inkl. attesting
  - Gjennomført eit utval stikkprøvar
  - Meirverdiavgiftskompensasjon
- Inntekter
- Lønn
  - Gjennomgang og vurdering av rutinar, inkl. avstemmingar og kontroll i forbindelse med lønnsutbetaling
  - Pensjonar og rutine kontroll av data
- Samanslåing
  - Meirverdiavgift – legitimasjonskrav ved overgang til Alver kommune
  - Balansepostar

Revisor orienterte om dei nye krava til forenkla etterlevelsesk kontroll med økonomiforvaltninga.

- Det er ikkje fastsett ei overgangsordning – gjeld i utgangspunktet også for 2019
- Revisor skal avleggje ein skriftleg uttale til KU innan 30. juni 2020

Kontrollutvalet drøfta saka

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisjonen sin presentasjonen til orientering

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisjonen sin presentasjonen til orientering

I overgangen til samanslåinga av Alver kommune finn kontrollutvalet det hensiktsmessig at revisjonen gjennomfører eit avgrensa arbeid, med hovudfokus på ei overordna risikovurdering i høve krav til etterlevelsesk kontroll.



**62/19 Orientering frå rådmannen om oppfølging av forvaltningsrapport  
*Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø***

Saksvedlegg:

Statusrapport frå kommunalsjef Kristin Moe, datert 16.11.2019

Saksopplysningar:

Forvaltningsrapport *Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø vart handsama* i KU sak 43/19, og i kommunestyre den 26.09.19 sak 052/19 med slik vedtak:

*Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.  
Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune.  
Rådmannen vert beden om å kome med ei tilbakemelding til kontrollutvalet i møte den 27.11.19 om korleis tilrådingane i rapporten vert følgd opp.*

I felles møte for kontrollutvala i Radøy, Meland og Lindås den 25.09.2019 vart det orientert om prosjektet «Betre læringsmiljø». Ved gjennomgang av forvaltningsrapporten i møte den 11. september opplyste kommunalsjefen om at sluttrapporten var ferdig i tide til at tilrådde tiltak kunne innarbeidast og nyttast i pågåande utviklingsarbeid på dette området.

Kommunalsjef Kristin Moe har utarbeida ein skriftleg statusrapport etter førre gjennomgang i kontrollutvalet.

Statusrapporten syner at kommunestyret sitt vedtak og revisjonen sine tilrådingar er lagt til grunn i arbeidet på området. Det er utarbeida nye rutinar, skjema og malar som tek omsyn til tilrådingane. Det er sett fokus på rektorane si rolle og ansvar. Vidare vil skuleigar følgje opp skulane gjennom kurs og system for evaluering og rapportering, for å få ein felles og lik praksis ved skulane i Alver kommune.

Etter sekretariatet si vurdering har administrasjonen nytta og følgd opp tilrådingane i forvaltningsrapporten på ein god måte. Det vert rådd til at oppfølginga av saka vert avslutta etter framlegging av denne statusrapporten.

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek framlagt statusrapport til etterretning og avsluttar saka. Særutskrift vert å sende kommunestyre og nytt kontrollutval for Alver kommune

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek framlagt statusrapport til etterretning og avsluttar saka. Særutskrift vert å sende kommunestyre og nytt kontrollutval for Alver kommune





## 63/19 Orientering frå rådmannen om rutinar vedkomande utdeling av medisinar i heimesjukepleien

### Saksvedlegg:

- Orientering frå rådmannen om rutinar vedkomande utdeling av medisinar i heime sjukepleien, brev datert 20.11.2019 Kommunalsjef Kristin Moe
- RETNINGSLINE FOR LEGEMIDDELHANDTERING
- DELPROSEDYRE 5: Utdeling
- DELPROSEDYRE 9: Destruksjon av legemiddel

### Saksopplysningar:

I møte i kontrollutvalet den 16. oktober 2019 orienterte leiar om ei motteken bekymringsmelding til han vedkomande utdeling av medisinar i heimetesta / heimesjukepleien, jmf. Protokoll KU sak 57/19 Eventuelt.

Med bakgrunn i dette er rådmannen førespurt om å gje ei orientering til kontrollutvalet i møte den 27. november, der følgjande spørsmål vart reist:

*Det første spørsmålet dreier seg om medisiner som etter vår forståelse skal signeres ut ved utlevering. Kan det stemme at noen i hjemmetjenesten signerer ut alle medisinene man har levert ut i løpet av en arbeidsdag i bulk ved arbeidshagens slutt? Er dette i henhold til regler og rutiner, og har man eventuelt noen rutiner for å fange opp avvik?*

*Det neste spørsmålet dreier seg om medisiner som pasienten kan velge å ta ved behov, der ubrukt medisin skal leveres tilbake til hjemmetjenesten. Vi har forstått det slik at noen samler opp en del medisin, for eksempel det de har fått levert tilbake gjennom en hel uke, for deretter å registrere dette som tilbakelevert ved slutten av uken. Er dette i henhold til regler og rutiner, og har man eventuelt noen rutiner for å fange opp avvik?*

Administrasjonen er i slutfase med mange oppgåver for samanslåinga til Alver kommune. I samråd med rådmannen er det avtalt at administrasjonen gjev eit skriftleg svar, som her vert lagt fram for kontrollutvalet.

I orienteringa er det svart på dei to spørsmåla og det er synt til vedlegg der retningsliner og delprosedyrar er nærmare omtala.

### **Behandling i møte:**

### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til etterretning og avsluttar saka.

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til etterretning og avsluttar saka.

## 64/19 Gjennomgang av rekneskapstal for kontroll og tilsyn

### Saksopplysninger :

For å sikre god internkontroll, vert det etter kontrollutvalet sitt ønske, lagt fram ein oversikt over utgifter til kontroll og tilsyn på kvart møte.

Kommunestyret vedtok i sak 093/18 ei budsjettramme på 802 000 kr til kontrollutvalet for 2019. På bakgrunn av tidlegare års rekneskap og vurdering av ressursbehov er midlane fordelt av kontrollutvalet.

	<b>Rekneskap 2018</b>	<b>Budsjett 2019</b>	<b>Rekneskap per 18/11 2019</b>	<b>Avvik per 18/11 2019</b>
Rekneskapsrevisjon	214 000*	248 000	80 000 a)	x
Forvaltningsrevisjon	258 000*	300 000	257 500 a)	x
<i>Forvaltningsrevisjon (apr-aug). Trygt og godt skulemiljø</i>			94 000	(x sum avvik) -117 500
Sekretariat kontrollutvalet	130 000	130 000	130 276	0
Drift av kontrollutvalet	99 000	53 000	123 000 b)	70 000
<b>Totalt kontrollutvalet</b>	<b>701 000</b>	<b>731 000 **</b>	<b>685 000 **</b>	<b>-46 000</b>

\* I note 2 til rekneskapet for 2018 er det opplyst at honorar til revisor Deloitte AS utgjør for rekneskapsrevisjon kr 270 000 og forvaltningsrevisjon kr 339.688. Begge summer er då inkludert mva.

### \*\* Budsjett og rekneskap *korrigert for momskompensasjon*

- a) Pr. 18. november er det ført kr 80.000 i à konto revisjonshonorar for 2018, og kr 257.500 for rekneskapsrevisjon i 2019 samt arbeid med ein del av forvaltningsprosjekt.
- b) I drift av kontrollutvalet inngår 56.000 som godtgjering til folkevalde.

Det vil påløpa ytterlegare kostnad til rekneskapsrevisjon for 2019 i hht avtale. Kostnad for sekretariat gjeld heile 2019.

Kontrollutvalet har i perioden delteke på opplæring som er kostnadsført med 40.000 kr. Kostnader for felles møte i sept. er ikkje ført her.

### **Konklusjon**

Budsjettet for 2019 er stramt. Rekneskapet vil truleg gje eit meirforbruk i året, men har dei siste åra elles gjeve eit mindreforbruk.

### Behandling i møte:

#### Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek status for økonomisk oversikt 2019 til etterretning

#### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek status for økonomisk oversikt 2019 til etterretning



**65/19 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

**Behandling i møte:**

Ingen saker/merknader vart teke opp i møte

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek vedtaka til orientering og har ingen merknader

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek vedtaka til orientering og har ingen merknader

**66/19 Eventuelt**

**Behandling i møte:**

Ingen saker vart tekne opp i møtet:

Knarvik, 27.11.2019

  
Leif Erik Gullanger, leiar (sign)

  
Øivind Olsnes, sekretær



## KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

Møte: 27. november 2019 kl. 10.00 – 12.00

Stad: Alver hotel - møterom

Tilstade: Leif Erik Gullanger (leiar), Rolf Henning Hegland (nestleiar),  
Kåre Helge Østrem (medlem) og Anne Kristin Tonning (medlem)

Forfall: Rebecca Duesund Fjeldsbø

Varamedlem vart kalla inn, men kunne ikkje møte grunna  
kort varsel om forfall

Grunna forfall var det derfor 4 av 5 medlemmar til stades i møtet

Innkalla:

Frå revisjonen: Rekneskapsrevisor Espen Hordvik, Deloitte (til sak 51-53/19)

Sekretær: Øivind Olsnes

---

### **62/19 Orientering frå rådmannen om oppfølging av forvaltningsrapport *Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø***

#### Saksvedlegg:

Statusrapport frå kommunalsjef Kristin Moe, datert 16.11.2019

#### Saksopplysningar:

Forvaltningsrapport *Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø* vart handsama  
i KU sak 43/19, og i kommunestyre den 26.09.19 sak 052/19 med slik vedtak:

*Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.*

*Kommunestyret ber rådmannen følgje opp forvaltningsrapporten i samarbeid med dei  
andre kommunane som skal inn i Alver kommune.*

*Rådmannen vert beden om å kome med ei tilbakemelding til kontrollutvalet i møte den  
27.11.19 om korleis tilrådingane i rapporten vert følgd opp.*

I felles møte for kontrollutvala i Radøy, Meland og Lindås den 25.09.2019 vart det  
orientert om prosjektet «Betre læringsmiljø». Ved gjennomgang av forvaltnings-  
rapporten i møte den 11. september opplyste kommunalsjefen om at sluttrapporten var  
ferdig i tide til at tilrådde tiltak kunne innarbeidast og nyttast i pågåande  
utviklingsarbeid på dette området.

Kommunalsjef Kristin Moe har utarbeida ein skriftleg statusrapport etter førre  
gjennomgang i kontrollutvalet.



Statusrapporten syner at kommunestyret sitt vedtak og revisjonen sine tilrådingar er lagt til grunn i arbeidet på området. Det er utarbeida nye rutinar, skjema og malar som tek omsyn til tilrådingane. Det er sett fokus på rektorane si rolle og ansvar. Vidare vil skuleigar følgje opp skulane gjennom kurs og system for evaluering og rapportering, for å få ein felles og lik praksis ved skulane i Alver kommune.

Etter sekretariatet si vurdering har administrasjonen nytta og følgd opp tilrådingane i forvaltningsrapporten på ein god måte. Det vert rådd til at oppfølginga av saka vert avslutta etter framlegging av denne statusrapporten.

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek framlagt statusrapport til etterretning og avsluttar saka. Særutskrift vert å sende kommunestyre og nytt kontrollutval for Alver kommune

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek framlagt statusrapport til etterretning og avsluttar saka. Særutskrift vert å sende kommunestyre og nytt kontrollutval for Alver kommune

Knarvik, 27.11.2019

  
Leif Erik Gullanger, leiar (sign)

  
Øivind Olsnes, sekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
073/19	Formannskapet	PS	05.11.2019
073/19	Kommunestyret	PS	11.12.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Janne Sund	18/1664

## 2. tertialrapport 2019

### Vedlegg:

2. tertialrapport 2019

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 2. tertial 2019 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2019 slik det går fram av tabell 1 (sentrale postar) og oversyn disposisjonsfond.
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2019 slik det går fram av tabell 2 (tenestoområda).
4. Det vert føreteke budsjettjusteringar på investeringsprosjekta for 2019 slik det går fram av investeringsoversikt som synar mindre/ meirforbruk, jmf. punkt 6.1.
5. Det vert gjennomført låneopptak per 2 halvår 2019 på kr 41 000 000 knytt til generelle investeringar og kr 29 000 000 knytt til sjølvkostområdet vatn og avløp. Låna skal ha flytande pt. rente og 30 års nedbetalingstid.
6. Finansrapport, kapittel 8 vert tatt til orientering.

### Formannskapet - 073/19

#### FO - behandling:

Orientering ved økonomisjef Janne Sund.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO - vedtak:**

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 2. tertial 2019 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2019 slik det går fram av tabell 1 (sentrale postar) og oversyn disposisjonsfond.
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2019 slik det går fram av tabell 2 (tenestoområda).
4. Det vert føreteke budsjettjusteringar på investeringsprosjekta for 2019 slik det går fram av investeringsoversikt som synar mindre/ meirforbruk, jmf. punkt 6.1.
5. Det vert gjennomført låneopptak per 2 halvår 2019 på kr 41 000 000 knytt til generelle investeringar og kr 29 000 000 knytt til sjølvkostområdet vatn og avløp. Låna skal ha flytande pt. rente og 30 års nedbetalingstid.
6. Finansrapport, kapittel 8 vert tatt til orientering.

.....

**Saksopplysningar:**

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

.....





LINDÅS KOMMUNE

## 2. Tertialsrapport 2019



DER DRØMMAR BLIR RØYNDOM





# Innhold

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:.....	2
1 Innleiing .....	3
2 Økonomisk status sentrale postar .....	3
2.1 Skatt og rammetilskot .....	3
2.2 Generelle statstilskot.....	4
2.3 Eigedomsskatt .....	4
2.4 Renteinntekter og utbytte .....	4
2.5 Premiefond og premieavvik pensjon .....	4
2.8 Disposisjonsfond.....	5
3 Økonomisk status tenesteområda .....	8
3.1 Politisk styring .....	8
3.2 Administrativ styring, støttefunksjonar .....	8
3.3 Oppvekst .....	8
3.4 Pleie og omsorg .....	8
3.5 Helse og sosial .....	8
3.6 Samfunnsutvikling og kommunalteknikk.....	9
4 Årsverk og Sjukefråvere.....	9
5 Budsjettvedtak 2018 – verbaldel .....	12
6 Framlegg til justeringar i investeringsbudsjettet og status for prosjekta.....	12
6.1 Status for investeringsprosjekta .....	12
7 Vedlegg rekneskapsskjema .....	17
8 Finansrapport.....	19
8.1 Bankinnskot .....	19
8.3 Langsiktig plassering .....	20
8.4 Lånegjeld .....	21

## **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Rådmannen innstiller til kommunestyret om å fatta følgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek økonomirapport pr. 2. tertial 2019 til orientering.
2. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2019 slik det går fram av tabell 1 (sentrale postar) og oversyn disposisjonsfond.
3. Det vert føreteke budsjettjusteringar for 2019 slik det går fram av tabell 2 (tenesteområda).
4. Det vert føreteke budsjettjusteringar på investeringsprosjekta for 2019 slik det går fram av investeringsoversikt som synar mindre/ meirforbruk, jmf. punkt 6.1.
5. Det vert gjennomført låneopptak per 2 halvår 2019 på kr 41 000 000 knytt til generelle investeringar og kr 29 000 000 knytt til sjølvkostområdet vatn og avløp. Låna skal ha flytande pt. rente og 30 års nedbetalingstid.
6. Finansrapport, kapittel 8 vert tatt til orientering.

## 1 INNLEIING

Økonomirapport pr. 2. tertial syner økonomisk status pr. 31. august og ei prognose for heile året. Rapporten bygger på ajourført rekneskap og ei analyse av løn for perioden 1.1 – 31.8. 2019.

Rådmannen skal ut frå budsjettforskrifta gjennom budsjettåret leggja fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i inntekter og utgifter. Det skal rapporterast minimum to gonger pr år. I økonomireglementet for Lindås kommune går det fram at det skal rapporterast etter 1. kvartal og 2. tertial. I tillegg til dette skal rådmannen utan ugrunna opphald gje formannskapet viktig informasjon som kan ha innverknad på kommuneøkonomien på kort og lengre sikt. Det blir i 2019 gitt rapportering om økonomisk status på kvart formannskapsmøte.

I følgje ”Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning” skal administrasjonssjefen minst to gonger i året leggja fram rapporter for kommunestyret som viser status for kommunen si finansforvaltning. Rådmannen legg til grunn at dette praktisk kan gjerast som ein del av dei økonomiske statusrapportane.

## 2 ØKONOMISK STATUS SENTRALE POSTAR

ref.	TABELL 1 - Sentrale postar	Prognose avvik 2019	Framlegg om justering	Prognose med justering
<b>Sentrale postar</b>				
2.1	Skatt og rammetilskot	6 000	-6 000	0
2.2	Generelle statstilskot	1 400	-1 400	0
2.3	Eigedomsskatt	0	0	0
2.4	Renteinntekter og utbytte	0	0	0
2.5	Premiefond og premieavik pensjon	-1 650	1 650	0
2.6	Rente- og avdragsutgifter	1 000	-1 000	0
2.7	Rente og avdragsinntekter frå sjølvkost	-3 251	3 251	0
2.8	Bruk av disposisjonsfond		-9 201	0
	<b>Sum sentrale postar</b>	<b>3 499</b>	<b>-12 700</b>	<b>0</b>
1) Ei meirinntekt eller mindretgift i høve til budsjett vil framstå med eit positivt beløp i kolonna for prognose. Ei mindreinntekt eller meirutgift vil framstå med eit negativt beløp.				

Rammene for drift av dei kommunale tenestene vert mellom anna lagt ut frå kor mykje midlar kommunen har tilgjengeleg, eller det vi gjerne refererer til som netto disponible sentrale inntekter.

Rådmannen vil her kommentera utviklinga i vesentlege sentrale inntekter og utgifter. Dei fleste av desse har vi liten påverknad på – men det er viktig å estimera desse så godt det let seg gjera sidan det er desse som set rammene for den kommunale drifta.

Samla prognose for 2019 syner eit positivt avvik (høgare inntekter) på 6 750 000 kr for dei sentrale postane, og rådmannen vil i dei kommande punkta kommentere avvika.

### 2.1 Skatt og rammetilskot

Oppdatert prognosemodell for skatt og rammetilskot med korrekt folketall per januar 2019 synar ei prognose per august på 6 mill. kr høgare enn budsjett.

## **2.2 Generelle statstilskot**

Generelle statstilskot er per 2. tertial 1,4 mill høgare enn budsjettert. Dette skuldast 2,5 mill. kr høgare estimert utbetaling frå Havbruksfondet og lågare tilskot grunna færre busette einslige mindreårige flyktningar enn budsjettert.

## **2.3 Eigedomsskatt**

Eigedomsskatt 2019 er per 2. tertial i samsvar med budsjett.

## **2.4 Renteinntekter og utbytte**

Renteinntekter og utbytte for 2019 er per 2. tertial i samsvar med budsjett.

## **2.5 Premiefond og premieavvik pensjon**

Premiefond og premieavvik pensjon er per 2. tertial om lag 1,65 mill høgare enn budsjettert. Dette skuldast at det vart høgare premieavvik i 2019 enn budsjettert.

## **2.6 Rente- og avdragsutgifter**

Prognosen for renteutgifter er per 2. tertial 1 mill. kr lågere enn budsjettert.

## **2.7 Rente- og avdragsinntekter frå sjølvkost**

Som følge av lågare framdrift på investeringane på vatn og avløp (sjølvkostområda) og lågare rente enn budsjettert vert rente- og avdragsinntektene 3,251 mill. kr lågare enn budsjett.

Rådmannen rår til å redusere rente- og avdragsinntektene med 3,25 mill. kr i 2019.

## 2.8 Disposisjonsfond

Etter rådmannen sitt framlegg til sentral saldering, vil kommunen ha ein status på det generelle disposisjonsfondet som følgjer:

Disposisjonsfond - generelt	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	93 066
Disponert tomt rundkjøring Knavik	-202
Havnesamarbeid	-200
Forstudie ny barnehage KO 045/16	-241
Avsetjing vedteke budsjett	11 955
Egenkapitaltilskot KLP	-3 500
Sambandet Vest AS- avvikling av selskap	-10
Båtrute Indre Osterfjord	-98
Trafikksikringstiltak Eikanger skule KO 07/19	-500
Bruk av dispfond per 1. kvartalrapport	-8 733
Seim skyttarlag KO 34/19	-3 000
Seim skyttarlag KO 55/19	-1 000
<i>Bruk dispfond, drift per 2. tertial</i>	-9 201
<i>Overført fra disposisjonsfond premieavvik</i>	104
<i>Bruk av dispfond investering per 2. tertial</i>	-5 447
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>72 993</b>
<i>* Tekst i kursiv betyr ikkje vedtatt</i>	

Status disposisjonsfond – premieavvik:

Disposisjonsfond - premieavvik	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	104
Nullstille gammel saldo mot generelt dispfond	-104
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>0</b>
<i>* Tekst i kursiv betyr ikkje vedtatt</i>	

Status infrastrukturfond:

Disposisjonsfond - infrastruktur	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	9 040
KO 41/19	-4 000
Saksnr 24/12	-200
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>4 840</b>

Rådmannen foreslår å dekke 200 000 kr av infrastrukturfondet til grunnundersøkingar knytt til Kvamsbrekko. Det står at midlane i utgangspunktet skal dekkast av trafikksikringsfondet i sak 24/12, men rådmannen rår til at dette blir dekket av infrastrukturfond.

Status trafikksikringsfond:

Disposisjonsfond - trafikksikringsfond	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	4 693
Budsjettert bruk av trafikksikringsfond	-500
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>4 193</b>

## Status næringsfond:

<b>Næringsfond</b>	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	4 744
Overført frå disposisjonsfond	
Vedtatte tilskot i 2016,2017 og 2018 som ikkje er utbetalt	-2 191
Vedtatte tilskot i 2019	-2 120
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>433</b>
I tillegg er det fatta vedtak til utbetaling i perioden 2019-2021 på kr 689'	

## Langsiktig plassering og fond for avkastningsbuffer:

<b>Disposisjonsfond - langsiktig plassering, fond for mindreavkastning</b>	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	20 000
Avsetning for mindreavkastning, langsiktig plassering	
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>20 000</b>
Det er plassert 100 mill langsiktig jfr. Kommunestyrevedtak.	
Se kapittel for finansrapport for mer informasjon	
<b>Disposisjonsfond - langsiktig plassering</b>	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	100 000
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>100 000</b>
<b>Disposisjonsfond - nærmiljø og friluftsanlegg</b>	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	2 000
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>2 000</b>
<b>Disposisjonsfond - kulturminnefond</b>	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	875
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>875</b>
<b>Disposisjonsfond - regionalt kulturhus og/eller badeanlegg i Knarvik</b>	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	10 000
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>10 000</b>
<b>Utviklingsfond Knarvik</b>	
<b>Fond pr. 1.1.2019</b>	8 700
<b>Budsjettert fond pr 31.12.19</b>	<b>8 700</b>

Netto driftsresultat 2019:

<b>Netto driftsresultat:</b>	<b>Estimert budsjett 2019 etter 2. tertialrapport</b>	<b>Budsjett 2019 etter 1. kvartalsrapport</b>	<b>Budsjett 2019</b>
Brutto driftsresultat	-30 758	-46 819	-67 452
Avskrivinger	-45 528	-45 528	-45 528
Netto renteutgift	7 761	8 761	16 661
Netto avdrag på lån	56 499	56 499	60 499
<b>Netto driftsresultat:</b>			
Netto driftsresultat	-11 476	-26 537	-35 820
Premieavvik	20 571	31 860	31 860
Usikker inntekt			
Pliktig momskomp (60%)			
Bruk av bundet fond	-11 110	-7 351	-7 351
Bruk av disposisjonsfond	-9 509	-750	-750
Bruk av tidlegare års overskot			
Avsetning til bundet fond	716	37	37
<b>Korrigert netto driftsresultat</b>	<b>-10 808</b>	<b>-2 741</b>	<b>-12 024</b>
<b>Korrigert netto driftsresultat</b>	<b>0,8 %</b>	<b>0,2 %</b>	<b>0,9 %</b>

Det vert anbefalt at Norske kommunar har eit netto driftsresultat på over 1,75%, men grunna høg inntekt frå eigedomsskatt bør Lindås kommune ligge langt høgare enn dette. Lindås kommune har dei siste åra overført 31 mill. kr av inntektene frå eigedomsskatt til investeringsrekneskapen, noko som påverkar netto driftsresultat positivt.

I 2019 var det i vedteken økonomiplan lagt opp til ein avsetnad til disposisjonsfond på 0,8% og eit korrigert netto driftsresultat på 0,9%. Per 2. tertial er korrigert netto driftsresultat 0,8% for 2019.

### 3 ØKONOMISK STATUS TENESTEOMRÅDA

ref.	TABELL 2 - Tenesteområda	Just. budsj. netto dr.utg.	Prognose avvik 2019	Framlegg om justering	Prognose med justering
3.1	Politisk styring		0	0	0
3.2	Administrativ styring, støttefunksjonar		0	0	0
3.3	Oppvekst		-2 300	2 300	0
3.4	Pleie og omsorg		-12 900	12 900	0
3.5	Helse og sosial		3 000	-3 000	0
3.6	Samfunnsutvikling og kommunalteknikk		-500	500	0
	<b>Sum tenesteområda</b>	<b>0</b>	<b>-12 700</b>	<b>12 700</b>	<b>0</b>

1) Ei meirinntekt eller mindreutgift i høve til budsjett vil framstå med eit positivt beløp i kolonna for prognose. Ei mindreinntekt eller meirutgift vil framstå med eit negativt beløp.

Prognosen synar eit samla avvik på 12,7 mill kr i meirforbruk på drifta per 2. tertial 2019 .

#### 3.1 Politisk styring

Politisk styring er per 2. tertial i samsvar med budsjett for 2019.

#### 3.2 Administrativ styring, støttefunksjonar

Administrativ styring og støttefunksjonar er per 2. tertial i samsvar med budsjett 2019

#### 3.3 Oppvekst

Tenesteområde oppvekst har eit meirforbruk på 2,3 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak at barnevern (organisert som vertskommunesamarbeid i Radøy) ikkje har kunna redusere bemanninga til einslige mindreårige flyktningar i samsvar med rammene i flyktningepleanen som er vedtatt i Lindås.

#### 3.4 Pleie og omsorg

Under tenesteområde pleie og omsorg er det estimert eit meirforbruk på om lag 13 mill. kr. Innan sjukeheimstenesta er meirforbruket på 3 mill kr, som i skuldast i hovudsak stillingsauke i årsturnus, overforbruk på overtid og vikarbyrå. Hovudåsaka til dette er i ekstratiltak knytt til enkeltbrukarar. Innan heimetenesta er det fleire vedtakstimer og brukarar enn budsjettert. Det har vore ein auke i vedtak knytt til BPA i 2019. Samla meirforbruk i heimetenesta er estimert til 6 mill kr for 2019. Innan eining for funksjonshemma er det ein auke i vedtak knytt til avlastning, i tillegg til at det er ein auke i vedtakstimar knytt til fleire brukarar. Samla meirforbruk knytt til eining for funksjonshemma 5 mill. kr for 2019.

#### 3.5 Helse og sosial

Tenesteområdet helse og sosial vil etter prognoser per 2. tertial ha eit samla mindreforbruk på 3 mill. kr i 2019. Mindreforbruket er knytt lågare utbetalingar av sosialhjelp enn budsjettert, samt auka inntekt ressurskrevjande brukar innan helse.



### 3.6 Samfunnsutvikling og kommunalteknikk

Tenesteområdet samfunnsutvikling og kommunalteknikk vil ha eit samla meirforbruk på 0,5 mill i 2019. Meirforbruket er knytt brannverntenesta og høgare utgifter til utrykkingar på operativ avdeling enn budsjettert.

Innan sjølvkostområdet vart det vedtatt ei harmonisering av bundne fond for kommunane i Alver. Det er innan områda for avløp, slamrenovasjon og feing lågare gebyrinntekter og auka bruk av bundne fond i 2019. For område vatn er gebyrinntektene høgare og det vert avsett til bundne fond i 2019. For område avløp vert det i 2019 nytta midlar som har vore avsett til fond.

Av saken fremgår det at det skal være avsett følgjande per abonnent til dei ulike fonda:

Fond vann: 250 kr per abonnent

Fond Avløp: 1200 kr per abonnent

Salm og feing: 0 kr i avsetning per abonnent

## 4 ÅRSVERK OG SJUKEFRÅVERE

### Årsverk

I kolumna for budsjett er det dei faste stillingane som er lagt inn i det opprinnelige budsjettet som vert presentert. Årsverka som er presentert i kolumna for 1. kvartal og 2. tertial er faktisk brukte årsverk. Dette vil seia at vikarar ikkje vert teke med, heller ikkje ekstrahjelp eller andre engasjement.

Oversynet er utarbeidd på einingsnivå, og vert presentert politisk pr tenesteområde:

Tenesteområde	Budsjett 2018	1. kvartal 2018	2. tertial 2018	Budsjett 2019	1. kvartal 2019	2. tertial 2019	Avvik frå budsjett	% av totale årsverk
2 Administrativ styring, støtte-funksjonar	54	50	59	62	61	60	-1	5 %
3 Oppvekst	433	440	432	396	399	397	1	35 %
4 Pleie og omsorg	364	361	364	391	375	371	-20	35 %
5 Helse og sosial	100	101	108	113	111	109	-4	10 %
6 Samfunnsutvikling og kommunalteknikk	160	155	154	162	156	161	-1	14 %
Sum tenesteområda (2-6)	1 111	1 106	1 116	1 123	1 102	1 098	-25	100 %

Mindreforbruket på 1 stilling under administrativ styring og støttefunksjonar skuldast vakant stilling. Det vil ikkje bli gjort tilsetning i denne stillinga, då behovet for ressursar blir sett opp mot behovet for Alver kommune.


Under oppvekst synar tabellen at er det eit meirforbruk på 5 stillingar innan oppvekst. Meirforbruket er i hovudsak innan skule og er knytt til særskilte tiltak for skuleåret 2018/2019. Meirforbruket er finansiert av ledige midlar og refusjonar.

Under pleie og omsorg er det samla eit mindreforbruk på 20 stillingar. Sjølv om bruk at årsverk synar lågare bruk enn budsjettert, er det ein aktivitetsauke innan denne sektoren. Det vert nytta vikarbyrå og mottakarar av BPA nyttar i større grad eksterne. Eigne vikarar og overtid er ikkje med i oversynet. Oversynet over viser faste brukte årsverkt.


Under helse og sosial er det eit mindreforbruk på 4 årsverk per august. Dette skuldast vakante stillingar i hovudsak knytt til fysio- ergoterapi og hjelpemiddellager.



Under tenesteområdet samfunnsutvikling og kommunalteknikk er det eit mindreforbruk på 1 stillingar per august.

## Sjukefråver:



Tall per august viser 6% sjukefråver i 2. tertial.





## 5 BUDSJETTVEDTAK 2018 – VERBALDEL

Kommunestyret vedtok i samband med handsaminga av økonomiplanen to verbalpunkt. Status for desse vert rapportert her:

Budsjettvedtak 2019 - verbalpunkt	Kommentar 2019
9. Lindås kommune bidrar ti loppretthalding av båtrute indre Osterfjord vd å løyve kr 97.500 som årleg driftstilskot. Midla vert å ta frå disposisjonsfond.	Er tatt med i oversynet over disposisjonsfond
10. Lindås kommune løyver kr 150.000,- til vidare arbeid med haldningsskapande arbeid, trafikksikring i Lindås og gjennom TSU. Midla vert å ta frå trafikksikringsfond	Er innabeidd i oversynet over status trafikksikringsfond

## 6 FRAMLEGG TIL JUSTERINGAR I INVESTERINGSBUDSJETTET OG STATUS FOR PROSJEKTA

### 6.1 Status for investeringsprosjekta

Rådmannen legg fram status for investeringsprosjekta i kvart formannskapsmøte, og den skriftlige rapporteringa vert gjort i samband med 1. kvartalsrapportering, 2. tertialrapportering og i samband med årsekneskapen og årsmeldinga kvart år.

I 2019 er det budsjettert med låneopptak på generelle investeringar og til sjølvkostområdet, vatn og avløp. Det justerte oversynet per 2. tertial over investeringar synar endra framdrift på fleire av investeringsprosjekta samanlikna med vedteken investeringsbudsjett. Oversynet under viser kva investeringsprosjekt som har endra framdrift, i tillegg til at det kjem fram behov for ny investering og auka ramme. Dei prosjekta som har meirforbruk i forhold til vedteken ramme er synleggjort med raude tal i kolumna for endring.

Prosjekt som har oppdatert prosjektkostnad i samsvar med vedtak er synleggjort med raude tal i kolumna for prosjektkostnad. Dette er for i synleggjere kor det er vedtekne endringar.

Oversynet under viser prosjekta som har endra framdrift:

BRUTTO INVESTERINGAR	Prosjekt-kostnad	Budsjett 2019	Rekneskap 31.8.2019	Ikkje nytta midlar	Prognose	Endring
Ny Alversund barneskule inkl hall	290 000	65 000	2 530	62 470	18 000	47 000
Ny alversund barneskule Infrastruktur /veg/ VA og kulturmi	35 000	22 000		22 000	4 500	17 500
Tomt ny Alversund barneskule og infrastruktur	31 500	31 500	13 213	18 287	28 500	3 000
Knarvik barneskule inkl hall	235 000	34 000	35 671	-1 671	37 000	-3 000
Oppgradering av Eikanger skule	3 000	3 000	1 134	1 866	2 500	500
Trafikksikring Eikanger skule	2 500	2 500	1	2 499	0	2 500
Uteområde Leiknes skule	2 500	2 500	91		1 000	1 500
Investering skulebygg	Løpande	5 000	2 337	2 663	500	4 500
<b>Sum skulebygg (delsum)</b>		<b>169 850</b>	<b>58 007</b>	<b>109 434</b>	<b>96 350</b>	<b>73 500</b>
Investering Kultur og idrett	Løpande	200	249	-49	300	-100
Hall Ostereidet	81 000	7 000	1 389	5 611	3 000	4 000
<b>Sum kultur og idrett (delsum)</b>		<b>7 400</b>	<b>1 778</b>	<b>5 622</b>	<b>3 500</b>	<b>3 900</b>
Ny barnehage Lindås	69 900	15 000	1 363	13 637	5 000	10 000
Investering barnehagebygg	Løpande	1 000		1 000	0	1 000
<b>Sum barnehagebygg (delsum)</b>		<b>16 000</b>	<b>1 363</b>	<b>14 637</b>	<b>5 000</b>	<b>11 000</b>
Nye bustader rus og psykiatri	25 000	3 280	45	3 235	1 000	2 280
<b>Sum helse og sosial (delsum)</b>		<b>6 080</b>	<b>47</b>	<b>6 033</b>	<b>3 800</b>	<b>2 280</b>
Bufellesskap	25 300	4 000		4 000	1 000	3 000
<b>Sum Institusjon og omsorgsbustader (delsum)</b>		<b>6 350</b>	<b>1 666</b>	<b>4 684</b>	<b>3 350</b>	<b>3 000</b>
Gravplass Lindås		10 000		10 000	500	9 500
<b>Sum kyrkjeleg fellesråd (delsum)</b>		<b>10 500</b>	<b>500</b>	<b>10 000</b>	<b>1 000</b>	<b>9 500</b>
<b>Sum vann</b>		<b>37 200</b>	<b>38 248</b>	<b>-1 048</b>	<b>35 000</b>	<b>2 200</b>
<b>Sum avløp</b>		<b>32 500</b>	<b>4 941</b>	<b>27 559</b>	<b>28 700</b>	<b>3 800</b>
<b>Sum veg</b>		<b>15 300</b>	<b>12 928</b>	<b>16 500</b>	<b>16 300</b>	<b>-1 000</b>
<b>Sum Brann</b>		<b>1 250</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 250</b>	<b>0</b>
Breibandprosjekt		5 000	4 182	818	5 200	-200
Mobilprosjekt		2 250		2 250	0	2 250
Tilbakebetaling husbanken Lurevgen 162 og Nedre Alver					5 447	-5 447
Planlegging Knarvik		4 000	3 822	178	5 500	-1 500
Grunnerverv Knarvik sentrum		8 000		8 000	2 000	6 000
Utbygging Storemyra		25 000	27 134	-2 134	33 800	-8 800
Digital scanning arkiv		1 000	355	645	800	200
Mindre tomtekjøp/ grensejusteringar		2 000		2 000	200	1 800
<b>Sum andre tiltak</b>		<b>10 339</b>	<b>61 375</b>	<b>-51 036</b>	<b>105 916</b>	<b>-5 697</b>

Dei fleste prosjekta i oversynet har endra framdrift i forhold til vedteken budsjett. Prosjekt som vert justert ned i forhold til framdrift i 2019, vert lagt inn med tilsvarende auke i budsjettet for 2020.

Knarvik Barneskule og investering kultur og idrett har i tillegg til ramma for 2019, nytta dei ubrukte midlane frå 2018. Begge prosjekta er innanfor totalramma.

Prosjekta som har meirforbruk i 2019 (og totalt) er:

Nr	BRUTTO INVESTERINGAR	Prosjekt-kostnad	Budsjett 2019	Rekneskap 31.8.2019	Ikkje nytta midlar	Prognose	Endring
32	Sum veg		15300	12 928	16 500	16 300	-1000
36	Breibandprosjekt		5000	4 182	818	5 200	-200
38	Planlegging Knarvik		4 000	3 822	178	5 500	-1 500
41	Utbygging Storemyra		25000	27 134	-2 134	33 800	-8800
	Tilbakebetaling husbanken Lurevgen 162 og Nedre Alver		0	0	0	5 447	-5447

Det er nytta 1 mill. kr meir enn budsjettet knytt til investeringar på veg. I hovudsak skyldast dette at traktorar/ maskinar vart dyrare enn budsjettet.

Breibandprosjektet vert 0,2 mill. kr dyrare enn budsjettet.

Meirforbruk på prosjektet Planlegging Knarvik skyldast eit planarbeid som vi kan få dekkja gjennom framtidige utbyggingsavtaler. Meirforbruket vert finansiert innanfor totalramma (1 mill. kr frå 2020 og 0,5 mill. kr frå 2021).

Utbygging Storemyra har 8,8 mill kr høgare utgifter i 2019 enn budsjettet. Prosjektet har totalt ein netto kommunal andel på 16,4 mill. kr som er i samsvar med vedtak.

Lindås kommune søkte om midlar frå husbanken når Lurevegen 162 (ved Seim skule) og Nedre Alver vart kjøpt og nytta til utleigebustad. Lurevegen 162 er revet og Nedre Alver skal rivast i samband men bygging av ny Alversund skule. Gjenstående restanse på husbanklåna skal tilbakebetalast i 2019 i samsvar med melding frå Husbanken. Rådmannen rår til å nytte disposisjonsfond til å innfri dei uteståande låna knytt til dei tidligare utleigebustadene.

Oversynet viser framdriftsendringane per prosjekt.

BRUTTO INVESTERINGAR	Prosjekt- kostnad	Budsjett 2019	Rekneskap 31.8.2019	Ikkje nytta midlar	Prognose	Endring
Investering administrasjonsbygg	Løpande	2 000	22	1 978	2 000	0
<b>Sum administrasjonsbygg (delsum)</b>		<b>2 000</b>	<b>22</b>	<b>1 978</b>	<b>2 000</b>	<b>0</b>
Ny Alversund barneskule inkl hall	290 000	65 000	2 530	62 470	18 000	47 000
Ny alversund barneskule Infrastruktur /veg/ VA og kulturmi	35 000	22 000		22 000	4 500	17 500
Tomt ny Alversund barneskule og infrastruktur	31 500	31 500	13 213	18 287	28 500	3 000
Knarvik barneskule inkl hall	235 000	34 000	35 671	-1 671	37 000	-3 000
Oppgradering av Eikanger skule	3 000	3 000	1 134	1 866	2 500	500
Trafikksikring Eikanger skule	2 500	2 500	1	2 499	0	2 500
Ny Eikanger skule	115 000	1 000		1 000	1 000	0
Tomt Eikanger skule				0		0
Leikeplassstyr	Løpande	250	58	192	250	0
Påbygg Leiknes skule	23 600	3 100	2 972	128	3 100	0
Uteområde Leiknes skule	2 500	2 500	91		1 000	1 500
Investering skulebygg	Løpande	5 000	2 337	2 663	500	4 500
<b>Sum skulebygg (delsum)</b>		<b>169 850</b>	<b>58 007</b>	<b>109 434</b>	<b>96 350</b>	<b>73 500</b>
Utstyr idrettsanlegg	Løpande	200	140	60	200	0
Investering Kultur og idrett	Løpande	200	249	-49	300	-100
Hall Ostereidet	81 000	7 000	1 389	5 611	3 000	4 000
<b>Sum kultur og idrett (delsum)</b>		<b>7 400</b>	<b>1 778</b>	<b>5 622</b>	<b>3 500</b>	<b>3 900</b>
Ny barnehage Lindås	69 900	15 000	1 363	13 637	5 000	10 000
Investering barnehagebygg	Løpande	1 000		1 000	0	1 000
<b>Sum barnehagebygg (delsum)</b>		<b>16 000</b>	<b>1 363</b>	<b>14 637</b>	<b>5 000</b>	<b>11 000</b>
Nye bustader rus og psykiatri	25 000	3 280	45	3 235	1 000	2 280
Utstyr omsorgsteknologi		800		800	800	0
Investering bustader	Løpande	2 000	2	1 998	2 000	0
<b>Sum helse og sosial (delsum)</b>		<b>6 080</b>	<b>47</b>	<b>6 033</b>	<b>3 800</b>	<b>2 280</b>
Investering institusjon og omsorgsbustader	Løpande	1 400	825	575	1 400	0
Bufelleskap	25 300	4 000		4 000	1 000	3 000
Bil med rullestolrampe, avlastningsavdelinga		600	597	3	600	0
Takheiser sjukeheim/ funksjonshemma		350	244	106	350	0
<b>Sum Institusjon og omsorgsbustader (delsum)</b>		<b>6 350</b>	<b>1 666</b>	<b>4 684</b>	<b>3 350</b>	<b>3 000</b>
Kyrkjeleg fellesråd		500	500	0	500	0
Gravplass Lindås		10 000		10 000	500	9 500
<b>Sum kyrkjeleg fellesråd (delsum)</b>		<b>10 500</b>	<b>500</b>	<b>10 000</b>	<b>1 000</b>	<b>9 500</b>
<b>Sum vann</b>		<b>37 200</b>	<b>38 248</b>	<b>-1 048</b>	<b>35 000</b>	<b>2 200</b>
<b>Sum avløp</b>		<b>32 500</b>	<b>4 941</b>	<b>27 559</b>	<b>28 700</b>	<b>3 800</b>
<b>Sum veg</b>		<b>15 300</b>	<b>12 928</b>	<b>16 500</b>	<b>16 300</b>	<b>-1 000</b>
<b>Sum Brann</b>		<b>1 250</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 250</b>	<b>0</b>
Universell utforming/ særlig tilrettelegging	Løpande	1 500	1 047	453	1 500	0
Offentlige pålegg	Løpande	5 000	1 258	3 742	5 000	0
Breibandprosjekt		5 000	4 182	818	5 200	-200
<b>Tilbakebetaling husbanken Lurevgen 162 og Nedre Alver</b>					<b>5 447</b>	<b>-5 447</b>
Mobilprosjekt		2 250		2 250		2 250
<b>Planlegging Knarvik</b>		<b>4 000</b>	<b>3 822</b>	<b>178</b>	<b>5 500</b>	<b>-1 500</b>
Utbygging Knarvik	56 000	28 000	7 193	20 807	28 000	0
Grunnerverv Knarvik sentrum		8 000		8 000	2 000	6 000
Utbygging Storemyra		25 000	27 134	-2 134	33 800	-8 800
Prestelva		500	15	485	500	0
Innløsing tomter Knarvikplan		9 369	9 369	0	9 369	0
<b>Digitalt kartverk</b>		<b>1 100</b>	<b>632</b>	<b>468</b>	<b>1 100</b>	<b>0</b>
<b>Digital scanning arkiv</b>		<b>1 000</b>	<b>355</b>	<b>645</b>	<b>800</b>	<b>200</b>
Mindre tomtekjøp/ grensejusteringar		2 000		2 000	200	1 800
Nettbrett til skuleelevar		1 000	853	147	1 000	0
Endra framdrift generelle		-96 483		-96 483		
Endra framdrift VA		-6 000		-6 000		
IKT-anlegg		3 000	2 382	618	3 000	0
Egenkapitalinnskot KLP		3 500	3 133	367	3 500	0
<b>Sum andre tiltak</b>		<b>-2 264</b>	<b>61 375</b>	<b>-63 639</b>	<b>105 916</b>	<b>-5 697</b>
<b>Brutto investeringar</b>		<b>302 166</b>	<b>180 875</b>	<b>131 760</b>	<b>302 166</b>	<b>102 483</b>

## Finansieringsbehov

FINANSIERINGSBEHOV		2 019
Brutto investeringar		302 166
Avdrag på formidlingslån		18 000
Formidling av Husbanklån		55 000
<b>Sum finansieringsbehov</b>		<b>375 166</b>

FINANSIERING		Budsjett 2019
<b>Lån</b>		
Husbanklån		55 000
Generelle investeringar		140 996
Avløpsrensaneanlegg		32 500
Vassverk		31 200
<b>Sum låneopptak</b>		<b>259 696</b>
Mottekne avdrag på formidlingslån		18 000
<b>SUM EKSTERN FINANSIERING</b>		<b>277 696</b>
<b>Anna finansiering</b>		
Driftsfinansiering (forskriftsbestemt)		36 819
Driftsfinansiering eigeidomsrett		31 379
Bruk av disposisjonsfond Lurevegen og Nedre Alver		5 447
Trafikksikringsmidler Eikanger skule Misa		0
Bruk av disposisjonsfond trafikksikring Eikanger		0
Tilbakebetaling forskottering Sjurset Litlås		3 325
Disposisjonsfond KLP (driftsfinansiering)		3 500
Tilbakebetaling forskottering Storemyra		16 000
<b>SUM INTERN FINANSIERING</b>		<b>97 470</b>
<b>SUM FINANSIERING</b>		<b>375 166</b>

Det ble gjort låneopptak per 1. halvår på om lag 50% av årets lånebehov.

Gjenstående lånebehov for 2019 er:

Lindås kommune - låneopptak 2019	
Totalbehov låneopptak 2019 generelle	140 996
Gjennomført låneopptak per 1. kvartal generelle investering	-100 000
<b>Generelle investeringar: gjenstående låneopptak per 2. tertial</b>	<b>40 996</b>
Totalbehov låneopptak 2019 VA	63 700
Gjennomført låneopptak per 1. kvartal VA	-35 000
<b>Vatn og Avløp: gjenstående låneopptak per 2. tertial</b>	<b>28 700</b>
<b>Resterende låneopptak totalt per 2. tertial</b>	<b>69 696</b>

Låna skal ha 30 års nedbetalingstid og flytande p.t rente



## 7 VEDLEGG REKNESKAPSSKJEMA

Rekneskapsskjema 1A - drift	Rekneskap pr 31.8	Reg. budsjett 2019	Oppr. budsjett 2019	Rekneskap 2018
Skatt på inntekt og formue	-279 266 252	-430 400 000	-430 400 000	-419 158 340
Ordinært rammetilskudd	-315 057 759	-440 000 000	-440 000 000	-434 284 993
Skatt på eiendom	-76 330 434	-171 400 000	-169 100 000	-169 098 613
Konsesjonskraft, avgift	-128 817	-90 000	-90 000	-235 461
Andre generelle statstilskudd	-19 032 954	-37 893 000	-35 393 000	-59 238 479
<b>Frie disponible inntekter</b>	<b>-689 816 216</b>	<b>-1 079 783 000</b>	<b>-1 074 983 000</b>	<b>-1 082 015 885</b>
Renteinntekter og utbytte	-19 914 730	-33 453 000	-27 553 000	-26 677 024
Renteutg.,provisjoner og andre	17 566 721	33 921 000	35 921 000	23 265 933
Avdragsinntekter	0	-12 304 000	-12 304 000	-6 153 799
Avdrag på lån	30 329 120	56 899 000	60 899 000	43 660 746
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>27 981 111</b>	<b>45 063 000</b>	<b>56 963 000</b>	<b>34 095 856</b>
Premieavvik		-38 865 391	-36 798 391	9 017 010
Bruk av premiefond		-10 611 300	-10 611 300	-44 650 011
Pensjonsinnskott	56 552			
Til dekning av tidligere underskott				
Til ubundne avsetninger		3 221 800	11 954 800	43 456 000
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk				-14 065 512
Bruk av ubundne avsetninger				-2 102 228
<b>Netto avsetninger</b>	<b>56 552</b>	<b>-46 254 891</b>	<b>-35 454 891</b>	<b>-8 344 741</b>
Overført til investeringsregnskap		31 379 000	31 379 000	39 216 803
Til fordeling drift	-661 778 553	-1 049 595 891	-1 022 095 891	-1 017 047 967
Motpost avskrivningar	0			-605 721
<b>Sum til fordeling drift</b>	<b>-661 778 553</b>	<b>-1 049 595 891</b>	<b>-1 022 095 891</b>	<b>-1 017 653 688</b>
Netto driftsutgifter tenesteområda	734 654 364	1 049 595 891	1 022 095 891	1 017 653 688
<b>Meirforbruk/mindreforbruk</b>	<b>72 875 811</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Rekneskapsskjema 1B- drift	Rekneskap pr. 31.8	Justert budsjett	Vedteke budsjett	Rekneskap 2018
1 Politisk styring	15 937 898	24 955 967	24 955 967	23 532 102
2 Administrativ styring, støttefunksjonar	48 399 033	81 207 634	73 727 937	59 932 197
3 Oppvekst	276 688 479	424 857 795	422 355 818	422 249 945
4 Pleie og omsorg	239 149 938	300 482 803	283 910 466	291 342 623
5 Helse og sosial	72 569 774	103 426 062	103 260 847	99 045 151
6 Plan, samfunn og utvikling	81 909 241	114 665 630	113 884 856	121 551 671
<b>Sum tenesteområda</b>	<b>734 654 364</b>	<b>1 049 595 891</b>	<b>1 022 095 891</b>	<b>1 017 653 688</b>

Økonomisk oversyn drift	Rekneskap pr. 31.8	Justert budsjett 2019	Vedteke budsjett 2019	Rekneskap 2018
<b>Driftsinntekter</b>				
Brukerbetalinger	26 464 067	42 227 000	42 227 000	42 749 374
Andre salgs- og leieinntekter	48 139 689	88 444 000	88 882 000	84 535 678
Overføringer med krav til motytelse	101 763 260	164 740 347	154 452 999	238 796 636
Rammetilskudd	315 057 759	440 000 000	440 000 000	434 284 993
Andre statlige overføringer	20 184 869	37 893 000	35 393 000	61 893 479
Andre overføringer	297 490	0	0	392 233
Skatt på inntekt og formue	279 266 252	430 400 000	430 400 000	419 158 340
Eiendomsskatt	76 330 434	171 400 000	169 100 000	169 098 613
Andre direkte og indirekte skatter	0	40 000	40 000	
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>867 503 819</b>	<b>1 375 144 347</b>	<b>1 360 494 999</b>	<b>1 450 909 344</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønnsutgifter	460 529 697	674 563 493	666 525 346	736 791 287
Sosiale utgifter	138 907 549	163 652 753	159 467 424	178 779 912
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	121 808 546	152 773 500	155 323 500	202 114 439
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	158 146 935	264 619 045	253 226 652	211 440 080
Overføringer	46 473 449	72 187 464	57 906 985	76 037 023
Avskrivninger	0	45 528 000	45 528 000	49 154 363
Fordelte utgifter	-4 410 305	-44 998 674	-44 934 674	-44 404 907
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>921 455 871</b>	<b>1 328 325 581</b>	<b>1 293 043 233</b>	<b>1 409 912 198</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-53 952 053</b>	<b>46 818 766</b>	<b>67 451 766</b>	<b>40 997 146</b>
<b>Finansinntekter</b>				
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	19 906 406	25 160 000	19 260 000	18 417 516
Gevinst på finansielle instrument				882 154
Mottatte avdrag på utlån	20 806	400 000	400 000	520 347
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>19 927 212</b>	<b>25 560 000</b>	<b>19 660 000</b>	<b>19 820 018</b>
<b>Finansutgifter</b>				
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	17 566 738	33 921 000	35 921 000	21 949 439
Tap på finansielle instrument				1 316 697
Avdragsutgifter	30 329 120	56 899 000	60 899 000	43 660 746
Utlån	75 806	550 000	550 000	465 237
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>47 971 664</b>	<b>91 370 000</b>	<b>97 370 000</b>	<b>67 392 119</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>-28 044 451</b>	<b>-65 810 000</b>	<b>-77 710 000</b>	<b>-47 572 101</b>
Motpost avskrivninger		45 528 000	45 528 000	49 154 363
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-81 996 504</b>	<b>26 536 766</b>	<b>35 269 766</b>	<b>42 579 409</b>
<b>Interne finanstransaksjoner</b>				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk				14 065 512
Bruk av disposisjonsfond	1 748 630	750 000	750 000	4 584 740
Bruk av bundne fond	8 560 314	7 351 034	7 351 034	31 557 596
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>10 308 944</b>	<b>8 101 034</b>	<b>8 101 034</b>	<b>50 207 848</b>
Overført til investeringsregnskapet		31 379 000	31 379 000	39 216 803
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk				
Avsetninger til disposisjonsfond		3 221 800	11 954 800	43 456 000
Avsetninger til bundne fond	1 188 250	37 000	37 000	10 114 454
<b>Sum avsetninger</b>	<b>1 188 250</b>	<b>34 637 800</b>	<b>43 370 800</b>	<b>92 787 256</b>
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>-72 875 810</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 8 FINANSRAPPORT

### 8.1 Bankinnskot

Ifølgje det vedtekne finansreglementet skal rådmannen etter årets utgang leggje fram ein rapport for kommunestyret som viser utviklinga gjennom året og status ved utgangen av året for finansområdet.

Rådmannen legg til grunn at dette praktisk kan gjerast som eit del av dei økonomiske statusrapportane, og ikkje som eiga rapport. Ved årsslutt vert det utarbeidd eigen finansrapport.

Kassebeholdninga og bankinnskota har utvikla seg slik som vist i tabellen:

Kasse, bankinnskot	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap pr august 2019
Kasse	42	46	43	18
SR-bank	419 833	359 670	318 663	311 785
<b>Sum</b>	<b>419 875</b>	<b>359 716</b>	<b>318 706</b>	<b>311 803</b>

SR-bank er kommunen sin hovudbank. Rentevilkåra på innskot etter denne avtalen er lik NIBOR 3 mnd. frå Noregs Bank + 0,3%. Pr. 30.08.2019 blir det 1,65% + 0,3% = 1,95 %.

Bankavtalen betyr ikkje at kommunen er forplikta til å plassere ledige midlar hos SR-bank.

### 8.2 Fondsplassering

Plassering i fond	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap pr august 2019
Pluss Likviditet II fond		60 307	61 189	61 494
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>60 307</b>	<b>61 189</b>	<b>61 494</b>

I august 2017 plasserte Lindås kommune midlar i fondet Pluss Likviditet II fond. Fondet ligg rangert på Oslo børs på tredje plass per 1 år og er rangert på fyste plass for 3 år.

Avkastning*	PLUSS Likviditet II
-hittil i år	1,9% p.a.
-august	2,1% p.a.

### 8.3 Langsiktig plassering



I oktober plasserte Lindås kommune 100 000 000 kr langsiktig gjennom DNB asset management. Utgangen av 2018 viste ein negativ avkastning på 1,32% på plasseringane, og sidan utgangen av 2018 har avkastninga på plasseringane auka i samsvar med markedet. Frå utgangen av januar 2019 har plasseringane til Lindås kommune hatt høgare avkastning enn referanseindeksen.

Marknadsverdi på portefølgjen til Lindås kommune:

Oversyn endra marknadsverdi	NOK
Portefølgjeverdi (NOK) per 31.08.2019	105 124 518
portefølgjeverdi per 31.12.2018	98 683 303
<b>Endring 2019</b>	<b>6 441 215</b>

Oversyn avkastning per august 2019:

Portefølgje	Avkastning hittil 2019	
	NOK	Prosent
Bankkonto for belastning av honorar	14	0,68 %
Rentebærende papirer	1 910 781	2,66 %
Aksjer	4 530 421	17,37 %
<b>Totalt Forvaltet Kapital</b>	<b>6 441 216</b>	<b>6,53 %</b>



## 8.4 Lånegjeld

Långevarar	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap pr august 2019
<b>Formidlingslån</b>				
Husbanken	216 309	215 856	219 320	232 997
Kommunalbanken	4 537	4 125	4 125	3 506
<b>Andre lån</b>				
Husbanken	20 811	19 384	23 431	17 445
Kommunalbanken	948 460	1 014 125	1 280 527	1 247 354
<b>Sum lånegjeld</b>	<b>1 190 117</b>	<b>1 253 490</b>	<b>1 527 403</b>	<b>1 501 302</b>

Husbanklån (25 mill NOK) som blei tatt opp i 2010 har fast rente 3,7% i 10 år.  
Husbanklån som blei tatt opp i 2011 (25 mill NOK) har fast rente 3,9% i 10 år. Dei andre låna i husbanken har flytande rente.

Låna i Kommunalbanken har flytande p.t - rente lik, 2,15% pr. 31.08.2019.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
078/19	Formannskapet	PS	11.12.2019
074/19	Kommunestyret	PS	11.12.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	19/329

## Spleiselag til gåve for unge idrettsutøvarar

### Vedlegg:

Forespurnad om spleiselag **Vedlegg 1** pressemelding **Vedlegg 2** Bakgrunn for boka

**Vedlegg 3** Omtale **Vedlegg 4** Framside og innleiing på boka

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Saka blir lagt fram til politisk diskusjon og avgjerd

.....

### Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Helge Brekke har sendt ein førespurnad til Lindås kommune om å delta i eit spleiselag, slik at flest mogleg unge idrettsutøvarar i Alver kommune kan få ei gratis handbok for unge idrettsutøvarar. Brekke er redaktør for handboka som er retta mot unge idrettsutøvarar. Boka inneheld 30 ulike tema og forfattarane av artiklane er blant dei aller beste i landet på sine fagfelt, i tillegg til at dei fleste har lang erfaring innan idretten. Boka er skriven til dei unge, men den kan også vere til nytte og hjelp for trenarar, tillitsvalde og foreldre/føresette.

Helge Brekke har laga boka med bakgrunn i erfaringar, opplevingar og problemstillingar han har møtt gjennom eit langt liv som aktiv idrettsutøvar, trenar og tillitsvald på klubb- og krets nivå. I tillegg har han vore rektor i mange år og har møtt den oppveksande slekt på mange arenaer og i mange ulike situasjonar.

Målet med boka er å

- vera til hjelp og inspirasjon i treningsarbeidet
- få fram kor viktig det er å leggja vekt på god lagånd, trivsel og tryggleik i laget/klubben
- få utøvarane og trenarar til å fokusera meir på meistring og mindre på resultat. Med meistring på stadig høgare nivå kjem og resultatata. Tenk langsiktig.

- skapa livslang glede med idretten, uansett nivå og resultat.

Boka er eit «non-profit»-prosjekt. Overskotet skal gå til vanskelegstilte born og unge, mellom anna til kolibriftiftelsen i Brasil.

Brekke spør om Lindås kommune vil vere med på eit spleiselag for å kunne dele ut handboka gratis til unge idrettsutøvarar i Alver kommune/Lindås kommune. Det er skissert eit eige opplegg for Lindås med 1000 bøker til kr 45.000, men det er også skissert andre alternativ. Sjå vedlegg i saka.

**Vurdering:**

Rådmannen legg fram saka til politisk diskusjon og avgjerd.

.....

Lindås kommune

v/Hogne Haugsdal

5914 Isdalstø

### **Handbok for unge idrettsutøvarar og trenarar.**

Eg tillet meg å spørja om Lindås kommune kan vera med på eit spleiselag slik at flest mogleg idrettsutøvarar i Alver kommune kan få ei gratis bok. I Alver kommune er det over 2000 aktive idrettsutøvarar i alderen 13 – 19 år (omfattar alle idrettar).

Det skal komme klart fram – både i presse og som eige innlegg i bøkene – at Lindås kommune er ein av gjevarane. Tekst i vedlegget blir å drøfta.

Boka er eit «non-profit»prosjekt. Overskotet skal gå til vanskelegstilte born og unge, bl.a. Kolibriftelsen i Brasil.

Målet med boka er å

- vera til hjelp og inspirasjon i treningsarbeidet
- få fram kor viktig det er å leggja vekt på god lagånd, trivsel og tryggleik i laget/klubben
- få utøvarane og trenarane til å fokusera meir på meistring og mindre på resultat.  
***Med meistring på stadig høgre nivå, kjem og resultata. Tenk langsiktig.***
- skapa livslang glede med idretten, uansett nivå og resultat

#### **Priser for boka:**

- Kr. 95,- pr. bok (1 - 9stk)
- Kr. 80,- pr. bok (10stk og oppover)
- Kr. 65,- pr. bok (100stk – 199stk)
- Kr. 50,- pr. bok (200stk og oppover)

#### **Alternativ:**

- 600 bøker kr. 30.000
- 500 bøker kr. 25.000
- 400 bøker kr. 20.000

Eige opplegg for Lindås - 1000 bøker kr. 45.000,-. Pris pr. bok blir såleis kr. 45,-.

Utdelinga av boka vil eg organisera i samarbeid med idrettslaga/klubbane i Alver kommune.



I arbeidet med boka har eg samarbeidd tett med fagfolk i Olympiatoppen, Norges Idrettshøgskule og Norges Idrettsforbund.

Mvh Helge Brekke



Vedlegg:

1. Pressemelding
2. Bakgrunnen for boka
3. Omtale
4. Komnsentrat av boka

## ***Kanskje den viktigste boken en ung idrettsutøver kan lese?***

Bak det litt nøkterne navnet «Handbok for unge idrettsutøvarar» skjuler det seg en skattkiste av artikler om nær sagt alle tema en ung idrettsutøver kan ha bruk for, uansett idrettsgren.

**Dette er kort fortalt en «bibel» for idrettsutøvere, ført i pennen av noen av Norges fremste eksperter, trenere og idrettsprofiler.**

Håndboken tar for seg et bredt spekter av tema – fra klassisk kondisjonstrening og hvordan man skal forebygge skader, til kosthold og sosiale forhold rundt unge idrettsutøvere.

**Dette er en håndbok som burde vært pensum ikke bare for unge idrettsutøvere, men for trenere, foreldre og utøvere i alle aldre!**

*- Hadde jeg hatt denne informasjonen som ung idrettsutøver hadde jeg unngått mange fallgruver, og kanskje nådd enda lengre, sier en profilert idrettsutøver om boka!*

Profilerte navn som Johan Kaggestad, Astrid Uhrenholdt Jacobsen, Thor-Øistein Endsjø, Eystein Enoksen, Mons-Ivar Mjelde, Steinar Mundal, Børge Stensbøl og Nils Jakob Skulstad Hoff er alle bidragsyttere til håndboka.

Uttale frå Anne-Kristine Aas, Hordaland Idrettskrets:

*Mannen som har fått samlet et stjernelag av artikkelforfattere er ingen ringere enn Helge Brekke. Brekke var selv i sin tid en god idrettsutøver innen løp, men nådde selv kanskje aldri sitt definitive potensiale på grunn av astma. Han er likevel kanskje mer kjent som primus motor bak Knarvikmila – et løp som i tillegg til å være ett av Norges største gjennom snart 40 år, også var først ute med også å se idrettsutøveren i en sosial og miljømessig sammenheng.*

*Brekkes 28 år som legendarisk ungdomsskolerektor har også gitt ballast til å sy sammen det som kanskje er den beste samlingen av råd og tips til idrettsutøvere som finnes.*

*Helge Brekke har fått 18 priser/utmerkinger; internasjonale, nasjonale og regionalt for sitt arbeid som rektor, med folkehelsearbeid, som trener, tillitsvalgt, samfunnsbygger og helppearbeid.*

*Bl.a. – Kongens Fortjenstmedalje i sølv, Frivillighetsprisen Norge, Kåret til den rektor i landet med størst tillit (undersøkelse utført av Utdanningsdirektoratet)*

Denne boka bør snarest bli pensum på alle idrettslinjer i landet, og kan slukes av idrettsutøvere, foreldre og trenere landet rundt!

Helsing Helge brekke

Telf: 97 14 56 28

E- post: helge@knarvikmila.no

**Bakgrunnen for dei ulike tema i boka er erfaringer eg har fått:**

- **Innan idretten som trenar , tillitsvald, stemneansvarleg for internasjonale og nasjonale friidrettsstemner**
- **Leiar i Hordaland friidrettskrets (HFIK) i 7 år, leiar i Anleggsutvalet i HFIK i 3 år**
- **Lanserte og bygde opp første Idrettsskulen og Friidrettsskulen (i Vik i Sogn)**
- **Lanserte ideen om landsomfattande skulestafett til Norges Friidrettsforbund på midten av 1980-talet, dette resulterte i Tinstafetten**
- **Lanserte og starta opp Knarvik Games i 1981 (her vart det sett 4 verdsrekordar i friidrett på Knarvik Stadion)**
- **Som styreleiar/hovedansvarleg for Knarvikmila i 35år.**
- **Under arbeid med eit stort hjelpeprosjekt for utdanning for foreldreause born i Addis Abeba i tett samarbeid med løparkongen Haile Gebrselassie (gjennom 10år)**
- **Rektor på Knarvik ungdomsskule i 28 år**

**Anna:**

- **Arbeid med vanskelegstilte og utilpassa elevar på Nygård skule i Bergen i 3 år (1963 - 1966). Ein skule med ca 1150 elevar på den tid.**
- **Arrangert sommarleirar for vanskelegstilte born (Bergen kommune).**
- **Arrangert treningsleirar i friidrett for VIK IL, Gular og FIL AKS-77**
- **Ytt hjelp til mange ungdommar i ulike situasjonar både i skulesammanheng, i samband med vanskelege heimeforhold og som ung idrettsutøvar.**

**Uttaler:**

- 1. Boka inneheld kanskje den beste samlinga av råd og tips til idrettsutøvarane som finst.**
- 2. Hadde jeg hatt denne informasjonen som ung idrettsutøver, hadde jeg unngått mange fallgruver, og kanskje nådd enda lengre, sier en profilert idrettsutøver om boka.**
- 3. Denne boka bør snarast bli pensum på alle idrettslinjer.**
- 4. Eit genialt bokprosjekt – tenk å få så mange dyktige og framstående idrettsprofiler som både har fagkunnskap og erfaring.**
- 5. Boka er like viktig for trenarar og foreldre som unge idrettsutøvarar.**
- 6. Boka bør distribuerast til alle idrettslag i landet, uansett idrett.**
- 7. Svært gode artiklar som tek for seg grunnleggjande element i treningsarbeidet. I tillegg er det gjort eit glimrande redaksjonelt arbeid, då må produktet bli strålande.**
- 8. Sjølv om eg går for å vera ein bra trenar, må eg innrømme at eg etter å ha lese boka fekk ein «a-ha»opplevelse. Her var det mange viktige ting eg ikkje har tenkt over. Eg har såleis mykje å læra før eg blir den trenaren eg ønskjer å vera. Etter mi meining er boka like viktig for trenarar som for utøvarar.**
- 9. Håndboka er lett å lese med forståelege korte artiklar som eg trur vil inspirere og informere både unge utøvarar, foreldre, trenarar og andre. Denne boka burde bli levert ut saman med medlemskort i idretten, alle idrettslag burde kjøpe denne og dele ut!**

## **Omtale/kommentarar:**

- **Dette må vera den beste boka som er laga for unge idrettsutøvarar og trenarar. Artikkane er særdeles lærerike. Ei bok også foreldre bør få i hende.**
- **Boka er eit godt hjelpemiddel for å nå sitt potensiale. Det gjeld og trenarar.**
- **Boka belyser svært godt kor viktig eit godt lagmiljø er for trivsel og utvikling.**
- **Boka inneheld artiklar som beskriv viktige faktorer for å få ei god utvikling i treningsarbeidet.**



Handbok for

# unge

idretts-  
utøvarar


- og trenarar

**Til hjelp, støtte,  
inspirasjon og  
utvikling**

**Boka inneheld  
30 ulike fagartiklar  
- skrive av framstående fagfolk**



Nils Jakob  
Skulstad Hoff



Anja Hammerseng-Edin



# Innhold

- 4 **Korleis vart mi store interesse for idrett skapt?**  
Helge Brekke
- 6 **Gleden og nytten av å være i aktivitet**  
Eystein Enoksen
- 8 **Kva er teknikk- og motorikktrening?**  
Lars-Arne Andersen
- 11 **Vær tro mot dinne verdier** Mads Kaggestad
- 12 **Kondisjonstrening** Espen Tønnessen
- 14 **Allsidighet anbefales** Johan Kaggestad
- 16 **Kostholdsråd for fysisk aktiv ungdom**  
Mette Helvik Morken
- 18 **Hva kjennetegner en god trener** Dag Kaas
- 20 **Foreldrene/foresatte sin rolle** Mons Ivar Mjelde
- 22 **Jakten på talentene** Anja Hammerseng Edin
- 26 **Hva er teknikk?** Steinar Mundal
- 28 **Idrett og media - hva er det viktig å tenke på?**  
Espen Graff
- 30 **Lagånd/fellesskap – en viktig del av veien til toppen** Nils Jakob Skulstad Hoff
- 32 **Astma og idrett** Kai-Håkon Carlsen
- 36 **Overtrening/feiltrening** Ove Talsnes
- 38 **Råd om du blir skadet** Eystein Enoksen
- 40 **Den gode prestasjonskulturen** Bjørge Stensbøl
- 42 **Trene med infeksjon** Thor-Øistein Endsjø
- 44 **Spiseforstyrret atferd og spiseforstyrrelser**  
Therese Fostervold Mathisen
- 48 **Alkohol og prestasjon** Ola Jøsendal
- 50 **Hjertestans i idrett** Øyvind Haugen Lie
- 52 **Utholdenhet hva er dette og hvordan kan det måles?** Øyvind Sandbakk
- 54 **Trygg idrett – Nulltoleranse for diskriminering og trakassering** Håvard B. Øvregård
- 56 **Dopingkontrollen** Lars A. Vestad
- 58 **Dopingsak** Lars A. Vestad
- 60 **Hvordan virker problemene som følger av doping i idretten inn på de rene utøverne?**  
Astrid Uhrenholdt Jacobsen
- 62 **Verdensmester i frivillighet** Stian Slotterøy Johnsen
- 64 **Allsidighet - viktig i oppveksten min**  
Ann Kristin Flatland
- 65 **Trening og utvikling under puberteten** Espen Tønnessen
- 66 **Ønskje frå ung idrettsutøvar**
- 67 **Øvelse gjør mester**

Overskotet  
frå boka går  
til samfunns-  
prosjekta til  
KnarvikMila.

Spesielt til  
barn og unge.

**Redaktør:**

Helge Brekke  
helgesbrekke@gmail.com  
Mob: 971 45 628

Framsidedfoto: Colourbox

**Grafisk design:**

Åsebø Olsen grafisk  
www.aografisk.no  
Mob: 470 57 973

Breks forlag

ISBN 978-82-91810-24-9

Boka kan ikkje kopierast  
utan særleg løyve.

# Forord

## Velkommen som lesar av Håndbok for unge idrettsutøvarar.

Boka inneheld 30 ulike tema. Om boka først og fremst er skriven for dei unge, kan den også vere til stor nytte og hjelp for trenarar, tillitsvalde og foreldre/føresette.

Forfattarane av artiklane er blant dei aller fremste i landet på sine fagfelt. I tillegg har dei fleste lang erfaring innan idretten.


Grunnen til at eg har laga boka, er erfaringar, opplevingar og problemstillingar eg har møtt gjennom eit langt liv som aktiv idrettsutøvar, trenar og tillitsvald på klubb- og kretsniå. I tillegg har eg i mitt lange yrkesliv – bl.a. som rektor på Knarvik ungdomsskule i 28 år – arbeidd med born og unge. Eg har såleis møtt «den oppveksande slekt» på mange arenaer og i mange ulike situasjonar. For meg har det alltid vore viktig å forstå og hjelpa dei unge, om det har vore innan idrett eller skule.

Til slutt vil eg takka alle artikkelforfattarane og andre som på ulik vis har hjelpt til med å få realisert boka. Spesielt takk til Anne-Kristine Aas i Hordaland idrettskrets, som har kome med mange gode innspel og råd.

Lukke til med lesinga og bruken av boka.  
Vonar at den blir til stor nytte.

*Helge Brekke*

## Om redaktøren



**Helge Brekke** har fått 18 prisar/utmerkingar for sitt arbeid som rektor, folkehelsearbeid, trenar, tillitsvald, samfunnsbyggjar og hjelpearbeid.

Av desse er to internasjonale og fire nasjonale

Nasjonale:

- Kongens fortjenestemedalje
- Frivillig pris Norge
- Kåra til den rektoren i landet med størst tillit (utført av Utdanningsdirektoratet)
- Kåra til den personen i Nordhordland (5 kommunar) med størst tillit (utført av Responsanalyse etter oppdrag frå Konsulent firma Reservebenken. Målgruppe 24 -39 år, gjennomført i 2015)



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
079/19	Formannskapet	PS	11.12.2019
075/19	Kommunestyret	PS	11.12.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	19/329

## Søknad om støtte til festkonsert for Alver kommune 31.12.2019

### Vedlegg:

Søknad om støtte til konsert 31.12.19

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Saka blir lagt fram til politisk diskusjon og avgjerd

.....

### Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Musikkens venner Nordhordland ønskjer å markere starten på Alver kommune med ein festkonsert nyttårsaftan. Dei har fått med seg dei beste kreftene frå det rike kulturlivet i dei tre «gamle» kommunane på konserten. Med denne konserten ønskjer dei både å sjå framover og bakover, og markere eit verdig og flott velkommen til Alver kommune.

Dette er ei stor satsing for Musikkens venner, og dei søker difor om støtte på kr 50.000 til dette arrangementet. Frå før har dei fått 11.000,- i kulturmidlar frå Lindås kommune. Det er òg sendt søknad til Radøy kommune, men der fekk dei avslag.

Syner elles til vedlagt søknad.

### Vurdering:

Rådmannen legg fram søknad til politisk diskusjon og avgjerd.

.....



## MUSIKKENS VENNER NORDHORDLAND

Rådmann i Lindås kommune  
Ordfører i Lindås kommune

Litlebergen, 13.11.2019

### **SØKNAD OM STØTTE TIL FESTKONSERT FOR ALVER KOMMUNE 31.12.2019**

Musikkens venner Nordhordland ønsker å markere starten på Alver kommune med ein skikkeleg festkonsert nyttårsaftan. Vi har fått med oss dei beste kreftene frå det rike kulturlivet i dei tre «gamle» kommunane og dette vil bli eit minne for livet for alle innbyggjarane.

Det er vanleg å sjå både framover og bakover ved slike høve, og vi er glade for å ha ordførar for Alver og ordførarane for Lindås, Meland og Radøy (eventuelt varaordførar her) med på markeringa. I tillegg vil vi invitere tidlegare ordførarar i dei tre kommunane for å heidra deira innsats.

Dette er naturleg nok ei stor satsing for Musikkens venner, og vi søker difor om støtte til dette unike arrangementet. Frå før har vi fått 11.000,- i kulturmidlar frå Lindås kommune. Det er òg sendt søknad til Radøy kommune, men der fekk vi avslag.

Desse skal bidra:

- Melissa Baug, song
- Kjersti Wiik, song
- Amalie Duesund, fløyte
- Frode Skag Storheim, piano/orgel
- Jørn Skauge, piano
- Erlend Aagaard-Nilsen, trompet
- Rune Alver, piano
- Maria Eikefet, fiolin
- Rebekka Eikefet, cello
- Øyvind Aase, piano
- Oddmund Solheim, jazzpiano
- Andreas Westermoen, saxofon
- Claus Sellevoll, opplesing

Måltrastena, kor  
Håvard Giezendanner, moderator

Dei medverkande stiller entusiastisk opp for feiringa.

Vi vonar det er råd å støtte dette arrangementet som vil bli eit verdig og flott «Velkomen» til Alver kommune. Musikkens venner meiner det er kulturen si rolle å markere kollektive hendingar av eit slikt omfang som ei kommunesamanslåing er. Slik skapast felles minner, opplevingar og slik byggast tilhøyre.

**Med dette søker vi om støtte til å gjennomføre konserten – kr. 50.000,-.**

Det har vore ønske om fyrverkeri som avslutting på konserten. Det ligg utanfor kapasiteten til Musikkens venner, men det hadde vore flott om kommunen kunne bidra med dette. Viss det let seg gjere, er vi klar over at det antakeleg vil sjåast i samanheng med direkte støtte til Musikkens venner sitt arrangement.

Med venleg helsing

Gunn E Melgård Aase

Leiar  
Musikkens venner Nordhordland



## Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Plan- og miljøutvalet	09.12.2019
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Sektor samfunnsutvikling og kommunalteknikk	Hogne Haugsdal
	Arkivnr.: 14/5177	Klassering:

### Klage på vedteken plan - områdeplan for Lonena - plan-ID 1263-201610

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Plan- og miljøutvalet vedtek følgjande innstilling til kommunestyret:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, jf. §1-9, tek ikkje kommunestyret klagen på vedteken områdeplan for Lonena, k-sak 056/19, frå Frode Jarland datert 06.11.2019 og Aina Isdal datert 21.11.2019 til følgje.

.....

#### Saksopplysningar:

##### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Plan- og miljøutvalet.

Saka skal avgjerast i Kommunestyret. Kommunestyret kan oppheva eller endra vedtaket dersom det finn grunngeving for det. Dersom kommunestyret ikkje finn grunnlag for å endre eller oppheva planvedtak (jf. K-sak 056/19), skal saka til fylkesmannen for endeleg avgjerd, jf. fvl. §33.

##### Bakgrunn

Områdeplan for Lonena vart vedtatt i kommunestyret 26.09.2019, sak 056/19. Fristen for å klage på vedtaket etter forvaltningslova §29 var sett til 07. november 2019.

Frode Jarland, eigar av g/bnr. 188/782 klaga på vedtaket i brev datert 06.11.2019. Klaga er oppsummert nummerisk, som i klagebrevet:

- Høyring:** Jarland skriv at planen framstår å vere politisk bestemt før høyring. Han meiner høyringsperioden var lagt til sommarferien (06.juni – 31. juli) for å tiltrekke seg mindre merksemnd frå motstandarane av utbygginga. Det er blitt sagt at

innbyggjarane først får delta i neste runde, utan å definere kva neste runde består av. Derimot framstår planprosessen som at kommunen og SR-bank står saman om områdeplanen.

- 2. Kommunevalet:** Klagar meiner at Lindås kommune pressa på for å avgjere saka før Alver kommune vart danna, sjølv om bustadbehovet i Knarvik ikkje er stort. Årsaka kan vere usikkerheit om Alver kommune ville fatte same vedtak, eller det kan ha vore inngått munnlege avtalar mellom Lindås kommune og SR-Bank.

Peikar på kommunevalkampen 2019, der det blei gitt inntrykk av at stemmer på parti som kjempa imot utbygging i området, ville ha innverking på kommunen sitt vedtak av planen. Viser til sitat frå valprogramma til SP og FNB, som var for bevaring av området rundt Brekkeløypa. Viser også til valresultat for Alver 2019 som viser at desse to partia fekk flest stemmer.

- 3. Rolla til «Opus Bergen AS» (Opus):** Klagar er kritisk til at konsulentfirmaet har utarbeida ein stor del av høyringsmaterialet, samstundes som dei har finansielle interesser av utbygginga. Han peiker på at Konsulentfirmaet har hatt eit teitt samarbeid med Lindås kommune og SR-Bank.
- 4. Politikarar angrip presse og meiningsmotstandarar blant innbyggjarar:** Jarland er kritisk til korleis politikarane omtalar presse og meiningsmotstandarar. Viser til sitat frå politikarar ved kommunestyrevedtaket 26. september (sjå sitat frå Avisa Nordhordland i klagebrev).

Jarland viser til ei Facebook-gruppe som kjempar for bevaring av Lonena som friluft- og rekreasjonsområde og til lesarinnlegg for bevaring av området (sjå lenker i klagebrev).

Aina Isdal, eigar av g./b.nr. 185/1-7, ba om utsett klagefrist, og fekk utsett frist for å begrunne klaga til 21. november 2019. Ho klaga innan fristen 07.11.2019, og begrunna klaga i brev datert 21.11.2019. Isdal begrunnar klaga punktvis:

- 5. Planområdet:** Aina Isdal er kritisk til at planområdet er utvida med areal frå Isdal Felles, g./b.nr. 185/1 m. fl. og at områdeplanen ikkje har fulgt planprogrammet og overordna kommunedelplan.
- 6. Medverknad:** Det har ikkje vore mogleg med dialog med kommunen utanom dei formelle høyringane. Isdal Felles ytra ønske om dialog med Lindås kommune tidleg i prosessen med planarbeidet. Klagar viser til innspel til planprogrammet i 2017.

Den gjennomførte spørjeundersøkinga hadde overvekt av svært engasjerte respondentar, som følgje av at spørjeundersøkinga var formidla på facebook. Resultatet gav derfor eit skeivt bilete av kva folk meiner.

Planprosessen burde hatt ein meir konfliktdempande medverknadopplegg, som opplegget til Liv og lyst. Det hadde vore positivt for samhaldet og bumiljøet i og rundt Knarvik.

- 7. Alternativkostnad og kvalitet på underlag og høyringsmateriale:** Klagar har merknader til kunnskapgrunnlaget knytt til folkehelse og dei vurderingar som er gjort opp mot folkehelseperspektivet. Meiner kommunen ikkje har oppdatert kunnskapsgrunnlag om utfordringane i kommunen, som kan leggast til grunn for planlegginga. Meiner også at kommunen knytter friluftsliv for tett opp mot folkehelse.

Klagar skriv at verdien av å eige eit friområde er låg. Av erfaring veit ein at det ikkje vil gå lang tid før kommunen gjer arealet om til næring eller bustad, for å auke verdien av arealet. Dette kom tydeleg fram i innspela til Lindås tomteselskap under høyringa av Kommunedelplan for Knarvik, Alversund med Alverstraumen 2019-2031.

Målet for O\_GF4 er uklar, utover at det må vere grønt og det må vere i kommunalt eige. Føresegn 4.3.1 seier både at området i hovudsak skal oppretthaldast som urørt naturområde og at det er tillete med ei rekke tilretteleggingstiltak. Knarvikmila forvaltar og vedlikeheld grusvegen, den såkalla «Brekkeløypa», etter avtale med Lindås kommune. Truleg vil O\_GF4 også inngå i arealet Knarvikmila forvaltar, dersom kommunen oreignar det. I innspelet til planprogrammet frå Knarvikmila, er det tydeleg at dei ønsker at området skal vere ein aktivitetspark. – Det er ikkje det same som urørt natur.

Peikar på feil i høyringsdokument: Grusvegen i planområdet er konsekvent omtala som «Brekkeløypa», sjølv om vegen vart bygd som ein driftsveg til vasstårnet.

- 8. Landbruk, natur og konsekvensar utanfor planområdet:** Det vil bli auka press på areala i og rundt Knarvik i åra som kjem. Aukande slitasje på stiane i og utanfor planområdet er i liten grad drøfta. Det er ikkje gjort KU for kva som vil skje med desse areala ved omgjering frå LNF til friluftssareal, eller korleis konsekvensane skal handterast. Med regulering som LNF-område og eksisterande avtalar, er O\_GF4 allereie sikra for ålmenta.
- 9. Administrasjon og politikk:** Planprosessen har vore for politisk styrt. Politikarane har ikkje gitt administrasjonen rom for å gjere jobben sin. Til dømes er det ikkje drøfta kvifor areal frå g./bnr. 185/1 er tatt inn og omgjort frå arealføremåle LNF til friområde. Administrasjonen skal vere lojal til politiske vedtak, men skal også vise fagleg uavhengigheit.
- 10. Konklusjon:** «Me ber om at vedtaket vert gjort om; at arealet me har eigarskap i vert tatt ut av planområdet og tilbakeført til LNF-status, og at Lindås kommune mister retten til å oreigne eit areal me ikkje ønskjer å selve».

## Vurdering

Klagene frå Jarland og Isdal vert vurdert i same rekkefølge som under «Bakgrunn».

### Frode Jarland, g./b.nr. 188/782

- 1. Høyring:** Høyring er ein sentral del av ein planprosess, der samfunnet, innbyggjarar og ulike mynde kan kome med uttale på det planframlegget som er lagt fram politisk. I prosessen med områdeplan Lonena er medverknad og høyringar gjennomført i tråd med lova og vedtatt planprogram, der innbyggjarar har hatt muligheit å kome med merknadar både til planprogram og i sjølve planprosessen. På same måte vil innbyggjarar og andre få muligheit til medverknad og høyring i framtidige reguleringsplanar. Alle innspel som kom inn i høyringsperioden for områdeplan Lonena blei vurdert kvalitativt opp mot planframlegget, og blei vurdert uavhengig av om innspela var positive, negative eller nøytrale. Til sjuande og sist var det ei politisk vurdering av kva innspel ein ville legge vekt på og ikkje. Høyringsperioden blei lagt til sommarferien 2019 på grunn av tidsplanen for planprosessen. Dette er ikkje ideelt, men på grunn av høyring i fellesferien, blei høyringsfristen utvida med to veker utover minstekravet jf. plan- og bygningslova, som er 6 veker. Lindås kommune og Rygir Tomteutvikling AS har hatt eit samarbeid slik plan- og bygningslova § 12-2 opnar for, der andre mynde eller private kan utarbeide forslag til områderegulering. Med bakgrunn i dette blei det laga ein samarbeidsavtale mellom Lindås kommune og grunneigar Rygir Tomteutvikling AS, og i denne avtalen står det mellom anna «Rygir har gjort avtale med plankonsulent Opus Bergen AS (Opus), som vil stå for arbeidet med å utarbeide planforslag og alle tilhøyrande utgreiingar».
- 2. Kommunevalet:** I planstrategien for Lindås kommune, vedtatt i 2016, er områdeplan for Lonena ein av dei planane som er prioritert gjennomført i kommunestyreperioden (2016 – 2019). Det har vore eit tydeleg politisk ønskje å vedta områdeplanen før Lindås kommune blir ein del av Alver kommune, og det er denne planen administrasjonen og den politiske styringsgruppa har jobba etter.
- 3. Rolla til «Opus Bergen AS» (Opus):** For områdeplan Lonena har kommunen nytta muligheita som ligg i §12-2 i plan- og bygningslova. «Områderegulering utarbeides av kommunen. Kommunen kan likevel overlate til andre myndigheter og private å utarbeide forslag til områderegulering» Med bakgrunn i dette blei det laga ein samarbeidsavtale mellom Lindås kommune og grunneigar Rygir Tomteutvikling AS, og i denne avtalen står det mellom anna at «Rygir har gjort avtale med plankonsulent Opus Bergen AS (Opus), som vil stå for arbeidet med å utarbeide planforslag og alle tilhøyrande utgreiingar. Det er riktig at kommunen og Opus har hatt eit tett samarbeid undervegs i prosessen. Det har vore nødvendig for at Opus skal kunne utarbeide utgreiingar og plangrunnlag som politikarane har bestilt. Det er planprogrammet som har vore grunnlaget for kva utgreiingar og grunnlag Opus har laga, og planprogrammet er politisk vedtatt. I tillegg har den politiske styringsgruppa kome med bestillingar undervegs som Opus har jobba vidare med.
- 4. Politikarar angrip presse og meiningsmotstandarar blant innbyggjarar:** Rådmannen har ingen kommentarar til politikarane sine uttalar i media eller politiske møter.

### Aina Isdal, g./b.nr. 185/1-7

5. **Planområdet:** Arealet til g/bnr 185/1 m. fl. er nedjustert i høve planprogrammet. I planprogrammet var ein større del av g/bnr. 185/1 med i planavgrensinga, arealet gjekk heilt opp til vasstårnet. Dette er i vedtatt områdeplan justert ned til det som var markagrensa i Kommunedelplan for Knarvik, Alversund 2007-2019, og som er grensa til omsynssone friluftsliv i Kommunedelplan for Knarvik, Alversund med Alverstraumen 2019-2031. Rådmannen meiner områdeplanen oppfyller føremålet som er definert i planprogrammet «Føremålet med reguleringsarbeidet er å vidareutvikle og tilrettelegge Lonena som friluftsliv- og rekreasjonsområde samt legge til rette for utvikling av eit sentrumsnært bustadområde med god bustad- og bukvalitet(...)». Overordna kommunedelplan har vore i prosess parallelt med Områdeplan for Lonena, og arealføremåla er justert slik at det er samsvar mellom områdeplan og overordna kommunedelplan.
6. **Medverknad:** Rådmannen viser til Isdal Felles sitt innspel til planprogrammet i 2017, datert 24.01.2017, oppsummert i merknadsskjemaet til planprogrammet, datert 01.05.2017. I innspelet til planprogrammet, er Isdal felles kritisk til at kommunen ikkje har vore i dialog med dei som grunneigar for delar av planområdet. Om lag 100m<sup>2</sup> areal av deira eigedom er tatt med i planområdet utan at kommunen har vore i dialog med grunneigar. Dei peikar på at store delar av dette er areal som kan nyttast til utbyggingsføremål, i tillegg til friområde i utbyggingsområda. Plankonsulent Opus Bergen AS (Opus) svarar at arealet er tatt med etter eit politisk vedtak, og at vegen opp til vassbassenget er teke med for å sikre tilkomst, og ikkje for å bygge ut / kanalisere meir ferdsel opp i terrenget. Isdal Felles har ikkje i ettertid teke kontakt med kommunen før slutten av høyringsperioden i juli 2019.

Arealføremål offentleg friområde gjer grunneigar rett til å nytte arealet slik dei nyttar det i dag. Føremålet begrensar derimot kva tiltak som kan gjerast i området. Ved ei eventuell oreigning av arealet, kan Isdal Felles sikre seg bruksrett til arealet.

Spørjeundersøkinga vart formidla på kommunen sin heimeside og i Avisa Nordhordland, i tillegg til facebook. Saka er ytterlegare belyst i saksutgreiinga, punkt 4.

Kommunen har gått utover det plan- og bygningslova krevjer når det gjeld medverknad.

7. **Alternativkostnad og kvalitet på underlag og høyringsmateriale:** Rapporten «HELSETILSTAND OG PÅVERKNADSAKTORAR, mars 2016, Oversiktsdokument jamfør Lov om folkehelsearbeid § 5» er lagt til grunn for planarbeidet. Forsking viser at friluftsliv har ein positiv effekt på folkehelsa. Kommunen arbeider derfor med å sikre tilgjengeleg friluftsliv for innbyggjarane gjennom denne områdereguleringa.

Kommunen ønsker å kjøpe arealet regulert til offentleg friområde for å sikre arealet for friluftsliv, og mot nedbygging.

Det er riktig at arealføremålet offentleg friområde er valt for at kommunen skal kunne oreigne arealet og sikre arealet som friområde for ålmenta. Det er viktig å sikre nok friområde for ålmenta i eit regionsenter i vekst. Grusvegen i g./b.nr. 185/1 heng saman med grusvegen rundt Lona, og er mykje nytta av dei same turgåarane som går rundt Lona, eller vidare til Indregardsfjellet. Kommunen ønsker derfor også å sikre arealet i O\_GF4 som friområde, i samanheng med O\_GF1-3.



Føresegna for O\_GF (føresegn 4.3.1) samsvarar med føresegn for friområde i Kommunedelplan for Knarvik, Alversund med Alverstraumen 2019-2031 og Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031. Det er vald same føresegn i desse planane, for å gje same sakshandsaming for dette arealføremålet i desse areala. Sjølv om føresegna opnar opp for enkle tilretteleggingstiltak i slike område, skal dei i hovudsak oppretthaldast som urørte naturområde.

- 8. Landbruk, natur og konsekvensar utanfor planområdet:** Dersom kommunen oreignar arealet, kan grunneigar syte for å få dei bruksrettane dei ønsker å ha på arealet inn i tinglysinga.
- 9. Administrasjon og politikk:** Planen er forankra politisk kommunal planstrategi, vedteken i 2016. Utarbeiding av planar er eit samspel mellom rådmann og politisk styre. Det er kommunestyre som vedtek planar.
- 10. Konklusjon:** Rådmannen tilrår ikkje å endre vedtaket.

.....

**Vedlagte saksdokument:**

Klage på vedtak om godkjent områdeplan for Lonena planid 1263-201610	326348	29.11.2019
Klage på vedtak om godkjent områdeplan for Lonena planid 1263-201610	326349	29.11.2019
Grunngjeving av klage - planID 1263-201610	326363	29.11.2019
1263-201610 Grunngjeving av klage	326364	29.11.2019
Lonena områdeplan - framlegg til 2. gongshandsaming - plan-ID 1263-201610	326427	29.11.2019
Lonena områdeplan - framlegg til 2. gongshandsaming - plan-ID 1263-201610	326428	29.11.2019

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

Frode Jarland,  
Langheiane 26,  
5914 Isdalstø  
Gbnr. 188/782

Knarvik, 06.11.2019

Fylkesmannen i Vestland,  
Statens Hus,  
Njøsavegen 2,  
6863 Leikanger

### **Klage på vedtak om godkjent områdeplan for Lonena planid 1263-201610**

Benytter meg av rettslig klageinteresse, jf. plan-og bygningslova § 12-12, 3. ledd.  
Klager på saksbehandling i forbindelse med høring, mangelfulle lokaldemokratiske prosesser og Lindås kommunes ensidige samarbeid med profesjonell aktør.

#### **1. Høringen fremstod som arrangert og høringssvar ble ikke tatt hensyn til**

Politisk bestemmelse virket til å være tatt allerede i forkant av høringsperiode.

Høringen ble gjennomført kun for å tilfredsstille lovpålagte demokratiske spilleregler.

Høringen ble lagt til sommerferien 2019 (6.Juni - 31.Juli) for å tiltrekke seg mindre oppmerksomhet fra motstandere av utbyggingen i Lonena området.

#### **Begrunnelser:**

- a. Uttalelser fra involverte politikere avslører tydelig at de på forhånd var klar over negative høringssvar men at disse ikke kom til å bli tatt hensyn til. I sitat nedenfor blir det informert at innbyggerne først skal få delta i neste runde, uten å definere hva den består av.

#### **Referat fra kommunestyremøte 26.September:**

##### **«– Alle har blitt hørt**

*Haugsdal fortel at alle høringssvara har blitt hørt, og at dei negative høringssvara allereie var kjent.*

*– Men om det er blitt tatt omsyn til er ei annan sak, seier han.*

*Han fortel at det er heilt legitimt å vere ueinig i utbygging, men at det kjem ein ny runde med demokrati der også innbyggjarane skal få delta.»*

**Kilde:** Avis Nordhordland 26.September

<https://www.nordhordland.no/nyheiter/politikk/lindas/direkte-fra-kommunestyremote-i-lindas-26-september/s/5-33-292221>

- b. Uttalelse fra SR-Bank i Avis Nordhordland avslører at de har hatt et tett samarbeid med Lindås kommune ifb. med utvikling av områdeplanen. Det ville trolig vært brudd på enighet med SR Bank hvis Lindås kommune skulle ta hensyn til høringssvar som de allerede visste om fra før, ref. pkt.a. ovenfor.

#### **Thor-Christian Haugland, konserndirektør i Sparebank 1 SR-Bank:**

*«Vi og kommunen står saman om denne områdeplanen, fortel Haugland til Avis Nordhordland.»*

**Kilde:** Avis Nordhordland 26.September

<https://www.nordhordland.no/nyheiter/politikk/lindas/sparebank-1-sr-bank-om-lonena-planane-heile-omradeplanen-er-eit-resultat-av-kommunen-og-oss/s/5-33-292209>

## 2. Resultat fra kommunevalget for nye Alver kommune i 2019 ble ikke vurdert tatt hensyn til.

Lindås kommune presset på for å avgjøre saken før Alver kommune ble dannet og gir inntrykk av at det gikk prestisje i å fatte vedtaket. Det var trolig også pga. en usikkerhet om Alver kommune ville fatte samme vedtak. Det kan også ha vært inngått muntlige avtaler mellom Lindås kommune og SR-Bank uten at det er kommet frem i media. Det er ikke presserende behov for nye boliger i Knarvik området som kan forklare årsaken til hastverket.

I valgkampen 2019 ble det gitt inntrykk av at en stemme på partier som kjempet mot utbygging ville ha innvirkning på kommunens vedtak. Flere partier hadde saken i sine partiprogrammer, blant annet SP og FNB.

Sitat fra SP sitt valgprogram:

**«Alver SP krev nullutbygging ved Brekkeløypa, og meiner det er andre areal som er meir naturleg å byggja ut»**

Sitat fra FNB sitt valgprogram:

**«Ja til bevaring av Brekkeløypa og området rundt»**

Disse 2 partiene ble de største i nye Alver kommune.

Valgresultat Alver 2019:

<https://www.nrk.no/valg/2019/resultat/nb/sted/4631>

## 3. Stor andel av høringsmaterialet var utviklet av «Opus AS» som selv har finansielle interesser av en Lonena utbygging.

Opus sin webside:

<https://www.opus.no/nyheter/omradeplan-for-lonena-vedtatt/>

*«Opus ser frem til å bidra til å videreutvikle området i videre samarbeid med tiltakshaver Rygir AS (SR-Bank).»*

Det er tydelig at Lindås kommune, SR-Bank og Opus har hatt et tett samarbeid som ikke har involvert kommunens innbyggere eller grunneiere som grenser til planlagt utbygging.

## 4. Politikere går langt i å angripe presse og meningsmotstandere blant innbyggere i kommunen.

Referat fra kommunestyremøte 26.September:

**«Ståle Hauge ut mot lokalpressa**

*«Leiar for plan- og miljøutvalet gjekk hardt ut mot lokalpressa i Nordhordland då han tok til ordet under møtet. Han fortel at det har vore dårleg journalistisk arbeid rundt Lonena-planane.*

*– Vi har ikke vore på nivå med Donald Trump, men her har det vore mykje fake news!»*

Ingrid Duesund Fjeldsbø (H):

*«Vi er visst viljelause høner og egoistar som berre tenkjer på utbyggjar, vi trur ikkje folk veit sitt eige beste, lite framoverlent og lite framsynte. Vi har ikkje gått gjennom innspela, hatt ein dårleg prosess og vi har ikkje demokrati, las ho opp frå talarstolen, før ho tok til motmæle mot påstandane.»*

**Kilde:** Avisa Nordhordland 26.September

<https://www.nordhordland.no/nyheiter/politikk/lindas/direkte-fra-kommunestyremote-i-lindas-26-september/s/5-33-292221>

**Tilleggs info:**

Det er dannet en Facebook gruppe som kjemper for bevaring av Lonena som friluft og rekreasjonsområde. Denne har pr. i dag 1419 medlemmer.

Bevar naturområdet rundt Brekkeløypa (Lonena):

[https://www.facebook.com/groups/587576374771710/?ref=gs&tn-str=\\*F&fref=gs&dti=587576374771710&hc\\_location=group\\_dialog](https://www.facebook.com/groups/587576374771710/?ref=gs&tn-str=*F&fref=gs&dti=587576374771710&hc_location=group_dialog)

Noen av mange leserinnlegg som kjemper for bevaring av området:

<https://www.strilen.no/meininger/i/awaQJM/lesarbrev-ta-vare-paa-lonena>

<https://www.strilen.no/nyheiter/i/3JQ5KA/haarreisande-visst-dei-vedtek-lonene-planen-no>

<https://www.strilen.no/nyheiter/i/AdkKnr/lesarbrev-hva-skal-jeg-fortelle-barna-mine>

Vennlig hilsen,  
Frode Jarland

## Grunngjeving av klage 1263-201610

Til Fylkesmannen i Hordaland (Vestland)

Klage på vedtak, Lindås kommune – Lonenaplanen, plan-ID 1263-201610.

Eg viser til kunngjering av godkjent områdeplan for Lonena.

Eg viser også til brev frå Kaia Marie Amland i Lindås kommune, merka 19/32171, der eg har fått utsett frist til 21. november for å grunngje klagen. Eg ønskjer å nytte meg av dette og ettersender grunngjeving innan denne fristen.

Eg viser også til e-post til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no), datert 5/11-19, der eg har fremja klage. I brevet som følgjer kjem eg til å grunngje denne klagen. Isdal felles, bruk 185/1-7 støttar klagen.

*Som grunneigar av 185/5 (185/1), er delar av eigedomen min råka av vedtaket. På grunnlag av dette ønskjer eg å klage på vedtak gjort i Lonenaplanen, plan-ID 1263-201610.*

*Klagen gjeld både del 1 og del 2 av vedtaket. I del 1 gjeld klagen særskilt endring i planstatus frå LNF til friluftareal. Dette kjem ikkje direkte fram i tekstdelen av vedtaket, men vil liggje i plankartet. Del 2 gjeld det såkalla frikjøpet av dei areala der eg har eigarskap.*

## Innhald

Grunngjeving av klage.....	1
Oppsummering.....	2
Planområde .....	3
Medverknad .....	4
Alternativkostnad og kvalitet på underlag og høyringsmateriale .....	5
Landbruk, natur og konsekvensar utanfor planområdet .....	7
Administrasjon og politikk.....	8

## Oppsummering

Bakgrunnen for klagen er at det gjennom eit politisk vedtak er gjort endringar i planområdet i Lonenaplanen. Me meiner at utvidinga av planområdet ikkje er i samsvar med gjeldande planprogram, og stiller oss uforståande til argumentasjonen for kvifor området skal inkludertast. I tillegg meiner me at det er manglar i saksutgreiinga og at den får fram inkonsistente trekk i kva som eigentleg er målet med å endre planområdet og om det er tilrettelegging eller 'fri natur' ein ønskjer å ha. Det kan òg sjå ut til at det frå politisk hald er lagt ned ei sterk styring, og at dette er medverkande til at administrasjonen ikkje har fått utøvd jobben sin.

- Arealet er ikkje inkludert i planområdet frå starten av og utgjer ein stor del av det totale arealet.
- Medverknadsprosessane er mangelfulle.
- Det faglege grunnlaget er mangelfullt
  - spørjeundersøkinga er ikkje valid,
  - det er ei rekkje feil i 'Konsekvensutgreiing for friluftsliv'. Dette kjenner både administrasjon og politikarar til, men dei valte likevel å sende dokumentet på høyring.
  - I samtale med OPUS opplyser dei at Lindås kommune konsekvent har omtala grusvegen som vart bygd i samband med vasstårnet, som ei turløype og poengtert at det er det som skal stå i dokumenta. Dette veit Lindås kommune er feil. Veggen vart bygd for å sikre tilgang til vasstårnet.
- Det er ikkje gjort grundige vurderingar i saksutgreiinga for grunnar for og i mot inkluderinga av området, og det er uklart kva Lindås kommune eigentleg vil med det, utover at det skal vere noko grønt der. Det er òg uklart om det er natur eller tilrettelegging som er det eigentlege målet.
- Overtaking av området løyser ikkje utan vidare eit problem for Lindås kommune (men det løyser eit problem for Knarvikmila).
- Det er ikkje gjennomført ei reell vurdering av kostnaden ved at offentleg sektor overtar eit slikt område. Verken samfunnsøkonomien, alternativkostnader eller ressursbruk ved oreigning.
- Det er ikkje gjort ei vurdering av konsekvensen av overtakinga av området opp mot folkehelse og kva som er dei faktiske folkehelseproblema i området. I samfunnsplanen er det unge med depresjon som er ei av gruppene som vert trekte fram. I Knarvik bur det mykje pensjonistar, mange av dei privilegerte, og få barn og unge.
- Det er ikkje vurdert konsekvensar av endring i planstatus og endring i forvaltning av området på kringliggjande areal. Det er svært vanskeleg å sjå det som er utmarksvegen vår isolert frå resten av utmarka. Heller ikkje då veggen vart bygd vart det gjort ei slik vurdering. Lindås kommune kan ikkje utan vidare fråskrive seg dette ansvaret.
- Området er allereie sikra for allmenta, og ein LNF-status opnar for meir enn eit omsyn.

## Planområde

Området som gjeld våre areal (185/1 mfl.) er i plankartet merka av som o\_GF4, og er også omfatta av den nordlegaste delen av o\_GF3. Eigedomsgrensa er markert med raudt i plankartet. Utmarka vår elles grenser opp til og omkransar heile o\_GF4. Fram til no har dette vore regulert som LNF, og allmenta har vore sikra tilgang gjennom friluftsløva. Det er juridisk og praktisk umogleg for grunneigar å stenge allmenta ute frå denne delen av eigedommen. Sidan areala har vore regulert som LNF vil det også vere svært vanskeleg å få løyve til å byggje noko der. Sjølve arealet er ein grusveg som Lindås kommune bygde for ein del år sidan, då dei inngjekk ein avtale med grunneigar om å byggje vasstårn på eigedomen. Dette er i dag vår veg inn på utmark. For nokre år sidan vart det sett opp lys langs bakken opp mot vasstårnet, og langs det som er vert ei rundløype på naboeigedomen. Vegen vert difor brukt mykje som turveg.

Arealet knytt til o\_GF3 var inkludert i det opphavlege planområdet. Når o\_GF4 er inkludert gjennom eit politisk vedtak meiner me at dette er i strid med planprogrammet og overordna plan. Våre areal utgjer no totalt nærare 27000 m<sup>2</sup>. Det er omfattande. I det politiske ordsiftet har det vore snakk om å hindre innsyn til grusvegen, og at det krevst ein buffer på rundt 15m på kvar side av vegen for å få det. I vedtaket er det også kommentert at det å hindre innsyn til vegen er sentralt. I o\_GF4 er det lagt inn rundt 30m på kvar side av vegen. Det er omfattande, og ber bod om at det er mykje meir enn berre innsyn som er førande her. Me kan heller ikkje skjønne kvar innsynet skal kome frå, når det kringliggjande arealet er LNF-område, som i realiteten har eit byggjeforbod.

Når det gjeld saksutgreiinga kan me ikkje sjå at endringa i planområdet er drøfta. Det er problematisk. I staden legg saksdokumenta opp til at dette er eit udelt positivt vedtak. Det er det ikkje. Ei omgjering frå LNF til friluftsliv har konsekvensar. Det same har ei oreigning. I saksutgreiinga går dette fram som om arealet for all del må sikrast. Når det offentlege inkluderer eit areal i planarbeid, der det også vert lagt eit juridisk grunnlag for oreigning, må samfunnsnyttan av overtakinga vere i klar overvekt. Det er den ikkje her.

I saksutgreiinga står det at «Samanlikna med den overordna kommunedelplanen for Knarvik –Alversund er areal til byggjeføremål (bustad) betydeleg avgrensa og redusert frå ca 170 000m<sup>2</sup> til ca 81 900m<sup>2</sup> i områdeplanen. Med maks 80% BRA tilsvarar dette ca 65.500m<sup>2</sup> med areal til bustadføremål». Det er problematisk at politikarane i så stor grad går vekk frå planprogrammet. Når arealet sett av til bustadføremål er kraftig redusert, har me inga forståing for at det er naudsynt å inkludere endå meir areal i planområdet. Særskilt ikkje når dette arealet allereie kan klassifiserast som 'grøntområde' (utmark i LNF). Gitt intensjonen om at området skal utviklast som bustadføremål, bryt strengt tatt politikarane også med dette. Når området sett av til bustad er så kraftig redusert, kan me ikkje sjå anna enn at behovet for å utvide planområdet med nærare 27000 m<sup>2</sup> for å inkludere eit 'grøntareal', som allereie er sikra allmenta, må vere svært lite. 'Grøntarealet' på vår eigedom, er nesten like stort som halve byggjearealet!

I dei juridiske føresegnene står det:

*4.3Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)4.3.1Friområde(GF1-4)Friområda skal oppretthaldast som hovudsakleg urørt naturområde. Tiltak for å fremje friluftsliv kan gjevast løyve til. Det kan etablerast enkle tilretteleggingstiltak for ålmenta si bruk av området, sti og universelt utforma gangveg i samråd med kommunen. Døme på enkle tilretteleggingstiltak kan vere enkel ballplass med grus, sand eller naturgras, universelt utforma badeplass, gapahuk, grillplass, leikeapparat,*

*bord og benkar og enkle toalettbygg. Lista er ikkje uttømmende. Det er ikkje tillete med tiltak som kan redusere opplevingsverdiene eller hindre ferdsel for ålmenta. Type tiltak og plassering må avklarast med kommunen.*

I det som gjeld o\_GF4 ber arbeidet preg av ikkje å heilt å ha retning, utover at det må vere grønt og det må vera i kommunal eige. Me forstår ikkje heilt denne frykta for at noko kan vere delt mellom landbruk, natur og friluftsliv, og i privat eigarskap, regulert av friluftslova. Det er også ein inkonsekvens mellom det at området hovudsakleg skal vere 'urørt natur' og det at det er nemnt ei lang liste med såkalla tilretteleggingstiltak.

Undervegs i prosessen med denne klagen, har eit anna tilhøve knytt til arealet, kome klarare fram for oss. Arealet som tatt inn i planområdet, o\_GF4, samstemmer med eit areal som har vore av særskilt stor interesse for Knarvikmila i ei årrekke. Knarvikmila har gjentekne gongar prøvd å opprette ulike avtalar med grunneigar om disposisjon av desse areala til sine føremål. Grunneigar har avvist dette fleire gongar, seinast i 2017. I samband med det mislukka forsøket på å få til ein avtale då, veit me at ordførar har vorte informert om konflikten frå Knarvikmila si side. Me meiner dette er ein heilt vesentleg del av konteksten for å forstå den politiske prosessen knytt til våre areal.

## Medverknad

I utforminga av politikk er kva som er og kjem på dagsorden sentralt. Det skal svært mykje til for å skrive seg inn i ein prosess som er lagt opp på andre sine premisser. Endåtil folkehelselova peikar på medverknad som eit av fem viktige prinsipp, noko Lindås kommune refererer til på side 5 i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Arealet våre i o\_GF3 har heile vegen vore inkludert i planområdet. Utmarka vår elles er næraste nabo til planområdet, og har allereie i dag stor trafikk frå friluftslivet. Likevel har me ikkje vore invitert inn frå tidleg i prosessen og har ikkje hatt rom til å uttale oss utover dei formelle, allment tilgjengelege prosessane. Dette er problematisk, når vedtaket har store økonomiske konsekvensar knytt til sjølve arealet, og konsekvensar for andre areal som me eig. Me meiner også at dette er eit systematisk problem. I Kommunedelplan for Knarvik- Alver-Alversund som er venta sendt på 2. gongs høyring om kort tid, har me som grunneigarar svært mange kontaktpunkt. Mesteparten av eigeidomen vår er råka av ei endring i planstatus, og Lindås kommune er i ferd med å leggja det juridiske grunnlaget for å kunna oreigna store delar av arealet våre. Sidan prosessen med Lonenaplanen og KDPen var overlappende, hadde me i realiteten fire veker på oss til å svare på eit svært omfattande materiale, som også krev eit høgt kunnskapsnivå for å kunne forstå dei reelle konsekvensane av.

Inkluderinga av o\_GF4 inneber ein urimeleg ekstrabelastning for oss som grunneigar. Me er kjende med at me av og til vert råka gjennom ulike planarbeid. Når arealet som vert inkludert, utan forvarsel og utan at det var med i det opphavlege planområdet, er langt meir naturleg å inkludere i kommunedelplanen, vert belastninga på grunneigar stor. Vi har valt å eige eigeidom. Vi har ikkje tatt på oss politiske verv. Det å utan vidare doble belastninga i form av omfattande plandokument er problematisk, særskilt når så store og tunge prosessar som ein områdereguleringsplan og ein kommunedelplan går parallelt.

Me meiner me på tydeleg og sakleg vis har fremja ønskje om dialog med Lindås kommune i begge desse planprosessane både ved oppstart og i høyringsperiodane. Med så store areal inkludert og så mange 'treffpunkt' i behovet for areal, står det fram som lite nyttig og tenleg at dei offisielle høyringsperiodane



er den einaste «dialogen» Lindås kommune har vore villig til. I saksframlegget til Lonenaplanen vedgår kommunen at det å leggje ut plandokumenta ut på høyring i ferietida er uheldig, men ber om orsaking fordi ein har dårleg tid. Som grunneigar har me levert innspel med ønskje om dialog og medverknad innanfor høyringsfristane, allereie i tidleg fase. Likevel har me ikkje høyrte noko. Først i oppsummeringa av merknadene kan me lese at me er avviste med at me må ta kontakt tidlegare!! Når 2017 ikkje er tidleg nok, må Lindås kommune spesifisere kor tidleg ute me skal vere.

### Alternativkostnad og kvalitet på underlag og høyringsmateriale

Folkehelseloven seier at kommunen skal ha tilgjengeleg oppdatert og lokal kunnskap om ei rekke tilhøve som kan ha påverknad på innbyggjarane si helse og livskvalitet. Denne samansette og ofte prioriterte kunnskapen skal ein bringe inn i planarbeidet og fremje strategiar og eller tiltak både i samfunns- og arealplanar. Ein finn ikkje klart eller tydeleg noko som tydar på at Lindås kommune har slik oversikt basert på samansett regional og/eller lokal kunnskap. Grunnlag for å ta eit målretta og grunngeve val knytt til tiltak er i så måte ikkje til stades. Det er mykje som er utgreidd, men grunnlagsdokumentet knytt til helse er eit av svært få som er lovpålagt. Det er slik sett ein mangel for å ta grunngeve val i arbeidet med fysisk utforming av omgjevnadane.

Som også Lindås kommune nemner i samfunnsdelen av kommuneplanen, heng folkehelse systematisk saman med utdanning. I samandragsrapporten 'Sosial ulikhet i helse: En norsk kunnskapsoversikt', er friluftsliv knapt nemnt, men då som ein del av kapittelet 'Helsevaner', og også då ein av helsevanene som får minst fokus. Helsevanar er òg noko som i stor grad er knytt til utdanning, og det er dei best stilte som har dei beste helsevanane. I ordskiptet kring dette planarbeidet, ser det ut til at det har blitt ei sanning av friluftsliv er lik folkehelse. Det er feil, og denne avgrensinga i ordskiptet har vore uheldig for vedtaket i denne planen.

I høyringsdokumenta knytt til områdereguleringsplanen, særskilt knytt til friluftsliv, er det fleire feil og manglar. Delar av 'Konsekvensutgreiing for friluftsliv' og byggjer på ei spørjeundersøking som er gjennomført i løpet av planprosessen. Undersøkinga har vorte kritisert frå fleire hald, og rådmannen skriv dette om arbeidet rundt den (s. 7 i saksutgreiinga):

---

*Undersøkinga blei utarbeidd i samarbeid mellom plankonsulent og administrasjonen i Lindås kommune. Spørsmåla blei drøfta i ei tverrfagleg arbeidsgruppe bestående av fagfolk frå ulike avdelingar i kommunen, mellom anna plan, eigedom, veg og kultur. Undersøkinga blei ikkje lagt fram for den politiske styringsgruppa for kvalitetssjekk, og det er beklageleg at dette ikkje blei gjennomført. Oppsummeringa av spørjeundersøkinga belyser at respondentane ikkje var eit representativt utval. Det vil seie at aldersfordelinga til respondentane ikkje samsvarar med aldersfordelinga i Lindås kommune. Det var også overvekt av folk frå Knarvik-området som har svart. Likevel har kommunen i planarbeidet tatt omsyn til hovudtrekka i tilbakemeldingane, nemleg at Brekkeløypa og naturområda må ivaretaast, og at fleire ønskjer meir tilrettelegging.*

---

Problemet her er ikkje først og fremst at ikkje den politiske styringsgruppa vart spurde. Det er den metodiske kunnskapen som manglar, både her og i andre undersøkingar Lindås kommune gjennomfører.

Det vil vera heilt tilfeldig om styringsgruppa har dette, og metodekunnskapar høyrer heilt klart til under administrasjonen sitt faglege ansvar. Sjølvselekterande utval i ei sak der folk er spesielt engasjerte, avgrensa aldersgrupper som respondentar, samt leiande spørsmål er problematisk i undersøkinga. Når spørjeundersøkinga i tillegg er formidla på facebook, vil tendensen med kven som svarar på undersøkinga forsterkast. Dei mest engasjerte deler med vener dei er einige med. Undersøkinga er sentral i Konsekvensutgreiing for friluftsliv. Det gir eit skeivt bilete, og dermed politikarane eit svakt grunnlag å drøfte ut frå. Det er også ei rekkje utdaterte opplysningar og fleire feil knytt til opplysningar om Knarvikmila sin bruk av vår utmark. I telefonsamtale med Opus kjem det fram at Lindås kommune har spesifisert at grusvegen rundt Lonena er ei turløype. Dette er feil. Grusvegen det er snakk om vart bygd i samband med at Lindås kommune sette opp eit vasstårn på Isdal felles sin eigedom. Veggen har altså eit konkret føremål, og det er ikkje å vera ein turveg, det er å skaffa tilgang til å byggja, vedlikehalda og sjå til den daglege drifta av eit vasstårn. Konsekvensutgreiing for friluftsliv må seiast å vere av særleg relevans for oss som grunneigar, all den tid dette er ein del av avgjerdsgrunnlaget for om våre areal skal inkluderas i planområdet eller ikkje. Me stiller oss difor særskilt kritiske til at den er sendt ut på høyring i det formatet den er, og der både administrasjon og politikarar kjende til at den inneheld feil.

Ein inkonsekvens som går igjen gjennom planarbeidet, er dette med tilrettelegging versus fri natur. Her er kommunen gjennomgåande uklar. Det er skilnad på tilrettelegging og fri natur. Dersom ein skal gjere større grad av tilrettelegging i o\_GF4 vil det verta lengre veg for dei som ønskjer fri natur. I dag er det natur med ei rekkje stiar, samt ein grusveg med lysmaster på o\_GF4.

Under punktet Folkehelse, friluftsliv og rekreasjon i saksframlegget vert det kommentert at:

---

*Areal til bustadføremål er betydeleg redusert og areal til grønne friområder, friluftsliv og rekreasjon er auka opp mykje. Områdeplanen gir også kommunen moglegheit til å kjøpe ut friarealet og gje det permanent status som friområde. Men det er berre gjennom ei regulering det er moglegheit for å kjøpe ut eit område på denne måten. Gjennom dei juridiske føresegneneog plankart vil planen sikre mykje av det som er viktig å bevare.*

---

Denne grunngevinga forstår me ikkje. Me kan ikkje sjå anna enn at desse områda allereie er sikra for allmenta gjennom regulering som LNF og eksisterande avtalar. Det er ikkje gjort noko vurdering av andre alternativ enn oreigning og endring av planstatus frå LNF til friluftsliv enn at dette må vere eit udelt gode. Det ser ut til å vere ei allmenn oppfatning av eit 'frikjøp' av eit område er eit gode for allmenta, og at dette er den beste måten å tryggje arealet på. Det er feil, og nettopp dette burde vore utgreidd av kommunen som moglege konsekvensar av ei oreigning.

Problemstillingar som at kommunen no må bruke skattepengar til å betale for noko som i utgangspunktet er gratis for allmenta, er eit høgst aktuelt poeng. Dette er midlar som kunne vore brukt til andre, lovpålagte oppgåver. Det kunne også blitt brukt meir målretta til dei folkehelseproblema som er størst i kommunen, som depresjon, psykiske vanskar og manglande fullføring av vidaregåande skule blant unge i kommunen. Desse er i ei av gruppene som vert nemnt i samfunnsplanen. Dette vil truleg også ha ein langsiktig positiv samfunnsøkonomisk effekt, fordi fullføring av vidaregåande skule vil telje positivt på tilknytning til arbeidslivet på lang sikt.

Dei færreste ønskjer dessutan å eige eit friområde. I så måte kan alternativet med oreigning/ statleg frikjøp vere eit aktuelt alternativ. Fordi det allereie finst gode løysingar i regulering av området som LNF, og der det også er eit større LNF-område definert som utmark like ved, vil dette området truleg heller ikkje vere unikt nok til at staten vil sjå på det som tenleg å gå inn. Ein statleg eigarskap vil dessutan vere rigid, og det vil vere langt vanskelegare å nå gjennom dersom den seinare samfunnsutviklinga og lokale behov skulle tilseie at området heller burde vore nytta til andre føremål.

Den økonomiske verdien av eit slikt område er diverre låg. I det ligg sjølvstøtt behovet for oreigninga (eller det såkalla frikjøpet) som politikarane ivrar for. I økonomien har ein dessutan noko ein kallar alternativkostnad. Dette inneber enkelt sagt, kva ein kunne brukt området til dersom det ikkje hadde nettopp dette føremålet. For kommunen inneber dette at ein gir opp eit areal som kunne ha store inntekter. Difor veit vi av erfaring at når kommunen eig eit friareal, så går det ikkje lang tid før det vert gjort om til bustad- eller næringsareal. Dette kom til dømes tydeleg fram under høyringa til kommunedelplanen for Knarvik – Alversund som har gått føre samstundes. Det kommunale tomteselskapet sitt framlegg var å omdisponere og byggje ned kvar ein grøn flekk i heile Knarvik-området. Det vert ikkje særskilt tillitsvekkande når me veit at dei utøver kommunal politikk. At administrasjonen i Lindås kommune ser ut til å støtte politikarane i ønskje om å gå for oreigne ('frikjøpe' området,) overraskar difor ikkje.

Som LNF-område definert som utmark i privat eige, er det grunneigar som ber kostnaden. Fordi vi har allemannsretten, er allmenta garantert tilgang. Minuset med dette er sjølvstøtt at grunneigar kan avgjere kva ein vil seie ja og nei til av tiltak. Ei tilnærming som kunne vore aktuell og som hadde vore positiv for samhaldet og bumiljøet i og rundt Knarvik, kunne vore LivOGLyst, som har ei aktiv tilnærming til medverknad. Dette ville truleg også ha vore langt meir konfliktdempande.

Dette er ei enkel vurdering av ulike variantar av eigarskap og arealføremål. At dette ikkje er gjort grundigare av Lindås kommune, er noko me stiller oss kritiske til. Me meiner at mangelen på konsekvensvurdering er eit problem. Konsekvensane av vedtaket er ikkje gjort tydelege. Det må det vere dersom politikarane skal kunne ha eit reelt høve til å drøfte vurderingane sine. Dette er heilt vesentleg for at både posisjon og opposisjon skal kunne drøfte ulike interesser opp mot kvarandre.

### Landbruk, natur og konsekvensar utanfor planområdet

Det kjem til å vere eit aukande press på grøntområde i og rundt Knarvik i åra som kjem. Ei oreigning av arealet o\_GF4 har konsekvensar utover dette arealet. Aukande slitasje er i liten grad drøfta og det er ikkje gjort noko konsekvensutgreiing for kva som vil skje utanfor området som følgje av omgjeringa frå LNF til friluftareal eller korleis ein skal handtere denne. Som grunneigarar er me dessutan i gang med å byggje opp drift av areala våre. Til området o\_FG4 og kringliggjande utmark har me bestilt klaveløysinga No fence, samt geiter for utplassering. Dette vert levert til våren, og me ønskjer å ta større bruk av utmarka vår og byggje opp større drift. Geiter vil bidra til å halde på kulturlandskapet, og me ønskjer å leggje opp til ei drift som er i samsvar med bynære område. Landbruk er eit punkt som manglar i utgreiingane totalt. Tankar om at landbruket kan vera ein ressurs ser ut til å vera fråverande og heller ikkje her er grunneigar førespurt.

Rådmannen skriv at «Gjennom dei juridiske føresegnene og plankart vil planen sikre mykje av det som er viktig å bevare. Brekkeløypa og opparbeida turvegar, stiar og samlingsplassar skal oppretthaldast.» Me

kan ikkje sjå at det har ein positiv konsekvens for dette punktet, å endre området frå LNF til friareal. Som grunneigar av det som er utmark, kan me ikkje utan vidare fjerne opparbeidde turstiar. Det er behov for ein grundigare gjennomgang av belastninga på stiane som finst i området. Dette bør gjerast i samarbeid mellom grunneigar og kommunen, både i det området som no er inkludert i planområdet og utmark som grensar mot Knarvik og Lonena. Ei oversikt kan også betre leggje til rette for kvar ein skal kanalisere turfolk, kvar ein kan ha beitedyr og kva område som til dømes kan vere tilpassa parsellhagar og anna. Totalt sett vil dette vere ei betre utnytting av areala. Ei anna tilnærming til medverknad, hjå fylkesmannen, fylkeskommunen og Innovasjon Norge, kjend som LivOgLyst, ville gjort mykje meir for utviklinga av lokalsamfunnet i og rundt Knarvik. Dette er også ei tilnærming Helsedirektoratet tilrår.

### Administrasjon og politikk

Det er heilt klart og tydeleg, at det i første rekkje er eit politisk press for å få inkludert o\_GF4 i planområdet og at dette området skal frikjøpast. På side fem i saksutgreiinga skriv rådmannen at:

---

*Det har også vore eit klart politisk ønskje om å vedta områdeplanen før Lindås blir ein del av Alver kommune. Eitt av dei viktigaste politiske måla med prosessen er å sikre eit plangrunnlag og vedtak, som gjer at kommunen har moglegheit til å kjøpe ut friområdet og sikre permanent status som friområde. I tillegg er det viktig å sikre at Brekkeløypa og etablerte stiar etc. blir oppretthalde, og at ein større del av Lonena blir lagt til rette for friluftsliv og rekreasjon i framtida.*

---

Korleis kan det ha seg at dette er det viktigaste ved prosessen? Eit område som ikkje ein gong er nemnt i det opphavlege planområdet, og som heller ikkje er del av det som har vore utgangspunktet for planen? For bakgrunnen for planen var vel knytt til Rygir sitt ønskje om å utvikla sine areal til bustadforemål? Då må me spørja, om me ikkje får gjennomslag for klagen, er det Rygir me skal gå til søksmål mot for å ha forårsaka oss tap av verdiar, som konsekvens av deira utbyggingsplanar?

På side tre i saksframlegget skriv rådmannen at 'Styringsgruppa har tatt prinsipielle og tydelege avgjerder undervegs i prosessen, som har vore sentrale vegval for å sikre rett og balansert utvikling av området.' Dette gjer at me også stiller spørsmålet om det politiske presset har vore av slik art at det har hindra administrasjonen i å gjere jobben sin? Er dette årsaka til at ein del drøftingar er utelatne?

Når me kjenner dei lokale forholda, er det dessutan eit ikkje uttala mål som gir den beste forklaringa. Denne forklaringa finn me i Knarvikmila sine økonomiske og driftsmessige interesser i området. Me meiner også at fleire svake trekk i sakshandsaming kan førast tilbake til politisk press, og at dette er medverkande til at det ikkje er gjort grundige nok vurderingar av konsekvensane av inkluderinga og ei eventuell overtaking av området.

I dag er det slik at det er Knarvikmila som forvaltar og heldt ved like grusvegen som vert brukt til turløype (den som i 'Konsekvensutgreiing for friluftsliv' er nemnt 112 gongar som 'Brekkeløypa'). Dei har ein avtale med Lindås kommune som regulerer dette. Det vil difor vere sannsynleg at dei vil vere ein svært aktuell aktør til også å forvalte det nye arealet. Det er noko dei ønskjer og har arbeidd for i lang tid. Som nemnt under 'planområde' svarar altså o\_GF4 til det området Knarvikmila i ei årrekke har prøvd å overtale

grunneigar til å overgi. I sitt høyringsinnspel i tidleg fase, er det heilt tydeleg at dei ønskjer at området skal vera ein aktivitetspark. Dette er ikkje det same som urørt natur. Det vil ikkje vera foreinleg med å hindre 'innsyn', og det vil i stor grad vere i Knarvikmila sine interesser området i praksis kjem til å bli utforma.

Det er problematisk at me som grunneigarar ikkje har reelt rom til å seie nei til aktivitetar og førespurnader frå ein kommersiell aktør i eiga utmark, utan å verta overstyrte av politikarane. I friluftsløva er allemannsretten høgt prioritert. Denne har vi som grunneigar retta oss etter. Som grunneigar har vi nokre høve til å regulera ferdsel, og innimellom har vi utøvd retten til å seia nei til tiltak og aktivitetar. Grunneigar sine rettar er i så måte avgrensa. Det er problematisk om politikarane skal fjerne denne retten heilt. Det må vere fullt lovleg å ha eigedom, og det må vere fullt lovleg å seie nei til langvarige avtalar og organiserte aktivitetar på eigen grunn, utan at ein vert straffa for dette økonomisk.

Det må også vere slik, at dersom Lindås kommune ønskjer å kjøpe/oreigne eit areal til kommersiell aktivitet, så må dette fram i saksgangen. Då må alle politikarane, også dei i opposisjon, ha høve til å vita at det er dette dei eigentleg vedtek å bruke skattebetalarane sine midlar på.

I sakspapira kan me ikkje finne ei tilstrekkeleg god grunngeving for kvifor dette arealet er inkludert. Endringa av planområdet er ikkje drøfta. Om det er fordi politikarane har sagt at 'dette er det dei som vedtek, og administrasjonen må følgje dette opp lojalt', så er det eit problem. Administrasjonen pliktar å vise lojalitet til vedtak som er gjorde. Men dei pliktar òg å vise ein fagleg uavhengigheit, og i det ligg ei plikt til å greie ut konsekvensar. Dette skal dei gjere for å sikre at flest mogleg sider ved ei sak kjem fram.

For at politikarane både i posisjon og opposisjon skal kunne løfte ulike sider og interesser ved ei sak, og faktisk vurdere dei reelle konsekvensane, er det heilt grunnleggjande at administrasjonen gjer denne jobben. Også media og andre interessentar skal kunne gå politikarane og argumentasjonen deira nærare etter i saumane. Då er me som samfunn heilt avhengige av ein administrasjon som har rom til å utøve dei faglege vurderingane sine.

Som politikar i eit demokrati er det fullt lovleg å vedta noko som går i mot administrasjonen sine tilrådingar. Men dei har ikkje lov til å leggje lokk på dei faglege vurderingane til administrasjonen eller gå i mot at administrasjonen gjer desse vurderingane. Desse skal vere med som saksgrunnlag i saker som skal vurderast politisk. I eit demokratisk samfunn, treng vi køyrereglar, reell medverknad og transparente prosessar. Planprogrammet og kommunedelplan må difor vere førande for det arbeidet som vert gjort i dei politiske prosessane. Kvaliteten på underlaget i avgjerda må òg vere god. Administrasjonen må difor ha rom til å utføre det faglege arbeidet sitt gjennom heile prosessen, og utan politisk press i dei vurderingane som vert gjorde. Det gjer at vi som innbyggjarar har høve til å påverke, tale vår sak over tid og fatte legitime og gode vedtak. Det hindrar òg tilfeldige innfall og korruperte prosessar. Det er grunnleggjande for at vi skal ha tillit til offentleg sektor og til politikarane som skal representere oss.

Når me no går inn i Alver kommune, er det fleire gode grunnar til det. På nasjonalt plan er kommunen sentral i velferdsstaten. Ein annan drivar for kommunereforma dreier seg om demokrati, små lokalsamfunn og tette band. Noreg er eit lite land. Knarvik enno ei bygd. Me får Alver kommune, fordi vedtak som kommunestyret i Lindås nettopp har gjort, ikkje skal fattast.

Me ber om at vedtaket vert gjort om; at arealet me har eigarskap i vert tatt ut av planområdet og tilbakeført til LNF-status, og at Lindås kommune mister retten til å oreigne eit areal me ikkje ønskjer å selje.



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
081/19	Plan- og miljøutvalet	PS	18.09.2019
056/19	Kommunestyret	PS	26.09.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/5177

## Lonena områdeplan - framlegg til 2. gongshandsaming - plan-ID 1263-201610

### Vedlegg :

Lonena områdeplan - framlegg til 2. gongshandsaming - plan-ID 1263-201610  
Plankart  
Føresegner  
Kvalitetsprogram  
ROS-rapport  
Merknadsskjema\_planprogram  
KUNaturmangfold  
KUNHydrologi  
KUNSosial infrastruktur  
KUNLandskap  
KUNFriluftsliv  
KUN  
Trafikk  
Skredfarevurdering  
Samandrag av spørjeundersøking  
Samandrag av spørjeundersøking\_Vedlegg  
Fråsegn til Lonena\_HFK\_68  
Fråsegn til Lonena\_NVE\_75  
Høyringsuttale - Innspill til Lonena\_ArneRognebakke\_63  
Høyringsuttale - Innspill til Lonena\_OddmundSkår\_64  
Høyringsuttale - Lonena KnarvikMila\_67  
Høyringsuttale\_FNB\_07062019\_59  
Innspel Lonena\_EspenVesteraas\_114  
Innspel Lonena\_HåkonVatnøy\_98  
Innspel Lonena\_Nordhordlandturlag\_107  
Innspel til Lonena\_Ainalsdal\_110  
Innspel til Lonena\_AlverSenterparti\_104  
Innspel til Lonena\_AlverSenterparti\_108  
Innspel til Lonena\_AndersHindenes\_121  
Innspel til Lonena\_Anne\_Marie Midtbø\_105  
Innspel til Lonena\_ArildBreistøl\_122  
Innspel til Lonena\_Arne-MartinKnutsen\_127  
Innspel til Lonena\_AstridBjørstad\_128  
Innspel til Lonena\_AstridBjørstad\_129  
Innspel til Lonena\_AtleAustrheim\_123  
Innspel til Lonena\_BenteBergetun\_100  
Innspel til Lonena\_BirtheKråkenesBjørnstad\_119  
Innspel til Lonena\_BKKNett\_71  
Innspel til Lonena\_CatoHenriksen\_90  
Innspel til Lonena\_DeniseHagen\_124  
Innspel til Lonena\_EspenVesteraas\_115  
Innspel til Lonena\_EspenVesteraas\_116  
Innspel til Lonena\_FAUKnarvik barneskule\_101  
Innspel til Lonena\_FMV\_135  
Innspel til Lonena\_FNB\_93  
Innspel til Lonena\_GryAnitaKjellstadli\_111  
Innspel til Lonena\_IngunnIsdal\_96  
Innspel til Lonena\_JanickeWedeldKjempenes\_126  
Innspel til Lonena\_JuvikstølenVelforening\_132  
Innspel til Lonena\_KetilTjore\_130  
Innspel til Lonena\_KjetilSolland\_112  
Innspel til Lonena\_LillCecilieBjørndal\_131  
Innspel til Lonena\_Lynghagenburettslag\_92  
Innspel til Lonena\_MDGAlver\_120  
Innspel til Lonena\_MetteCathrineNordaas\_113  
Innspel til Lonena\_NilsStene\_69  
Innspel til Lonena\_SU Juvikstølen barnehage\_138  
Innspel til Lonena\_ThereseWaageTref\_86  
Innspel til Lonena\_Trond R. Bjørstad\_109  
Innspel til Lonena\_TuridBjørstad\_102  
Innspel til Lonena\_VA\_140  
Innspel til Lonena\_VA\_141  
Innspel til Lonena\_VegardHagen\_118  
Innspel til Lonena\_ØrjanEirikValestrand\_80  
Innspel til Lonena\_HansKristianDolmen\_117  
Innspel til Områdereguleringsplan for Lonena\_KjetilSoltveit\_58  
Innspill Lonena\_FNF\_106  
Innspill om Lonena\_DeniseHagen\_125  
Innspill til Lonena\_Byggesak\_85  
Innspill til Lonena\_DeniseHagen\_82  
Innspill

til Lonena\_DeniseHagen\_83Innspill til Lonena\_FrodeDahl\_84Innspill til Lonena\_Nordhordland diabetesforbund\_78Innspill til Lonena\_RagnhildVesteraas\_79Innspill til Lonena\_ToveEmilieBaldysz\_95Innspill til Lonena\_VibekePrestmoValestrand\_88Innspill til Lonena\_ØrjanEirikValestrand\_87Innspill til Lonene\_DeniseHagen\_81Innspill til Lonene\_HalvardGrøttveit\_60Innspill til plansak Lonena\_EmmaVesteraas\_73Innspill til plansak Lonene\_Naturvernforbundet\_74Innspill til plansak Lonene\_NilsStene\_61\_Innspill til plansak Lonene\_NilsStene\_70Merknad Lonena\_FrodeJarland\_99Varsel om motsegn til Lonena\_SVV\_97Merknadsskjema\_planframleggTrekker motsegn - Områdeplan Lonena i Lindås kommunePlanid 1263\_201610\_Føresegner\_09092019.PDFAcosSvarInn.xml

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret i Lindås vedtar områdeplan for Lonena – plan-ID 1263-201610 i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12, med dei endringane som er lagt fram i saka. (Rådmannen si tilråding).

### Plan- og miljøutvalet - 081/19

#### **PM - behandling:**

#### **Framlegg som vart lagt fram i møte:**

*Plan- og miljøutvalet si endring til rådmannen sitt framlegg:*

- 6.3.2 Før det kan gjevast igangsettingsløyve for meir enn 100 bustadar innanfor områdeplanen og *for alle byggjeområder* langs Lonsvegen, må venstresvingefelt E39- Lonsvegen vere ferdig opparbeida.
- 6.3.3 Byggjeområdene i områdeplanen og *alle byggjeområder* langs Lonsvegen kan ikkje utbyggast med meir enn 500 bustader.

Framlegget vart samrøystes vedteke

#### **Framlegg frå S. Hauge-Ap:**

Rådmannen sitt framlegg med protokolltilførsel

#### **Protokolltilførsel:**

Plan- og miljøutvalet ber Kommunestyret om å starte opp ein prosess med å få kjøpt friområdet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **PM - vedtak:**

#### **Innstilling i Plan- og miljøutvalet - 18.09.2019:**

Kommunestyret i Lindås vedtar områdeplan for Lonena – plan-ID 1263-201610 i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12, med dei endringane som er lagt fram i saka. (Rådmannen si tilråding). I tillegg endring frå Plan- og miljøutvalet:

- 6.3.2 Før det kan gjevast igangsettingsløyve for meir enn 100 bustadar innanfor områdeplanen og *for alle byggjeområder* langs Lonsvegen, må venstresvingefelt



E39- Lonsvegen vere ferdig opparbeida.

- 6.3.3 Byggjeområdene i områdeplanen og *alle byggjeområder* langs Lonsvegen kan ikkje utbyggast med meir enn 500 bustader.

**Protokolltilførsel:**

Plan- og miljøutvalet ber Kommunestyret om å starte opp ein prosess med å få kjøpt friområdet.

**Kommunestyret - 056/19**

**KO - behandling:**

**Handsaming i plan- og miljøutvalet:**

**Protokolltilførsel:**

Plan- og miljøutvalet ber Kommunestyret om å starte opp ein prosess med å få kjøpt friområdet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Innstilling i Plan- og miljøutvalet - 18.09.2019:**

Kommunestyret i Lindås vedtar områdeplan for Lonena – plan-ID 1263-201610 i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12, med dei endringane som er lagt fram i saka. (Rådmannen si tilråding). I tillegg endring frå Plan- og miljøutvalet:

- 6.3.2 Før det kan gjevast igangsettingsløyve for meir enn 100 bustadar innanfor områdeplanen og *for alle byggjeområder* langs Lonsvegen, må venstresvingefelt E39- Lonsvegen vere ferdig opparbeida.
- 6.3.3 Byggjeområdene i områdeplanen og *alle byggjeområder* langs Lonsvegen kan ikkje utbyggast med meir enn 500 bustader.

**Handsaming i kommunestyret 26.09.2019:**

**Framlegg frå A.Bakken-MDG:**

MDG meiner at ansvar for å førebu vidare vekst om samordning av det helhetlige planbehovet for nye bustader må leggast til det nye kommunestyre i Alver kommune, dette bør og gjelda for framdriftsplanen til det planlagde utbyggjingsområde i Lonena. MDG foreslår derfor å utsette vidare handsaming av områdereguleringsplanen for Lonena til det nye kommunestyret i Alver kommune.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (A.Bakken-MDG, L.E.Gullanger-SV og S.Toft-V)

Innstillinga frå plan- og miljøutvalet vart vedteke mot 1røyst, A.Bakken-MDG.

**Framlegg til protokollmerknad frå S. Toft-V:**

"Kommunestyret ber om at det i ei eventuell detaljregulering vert lagt til grunn at antal bueiningar ikkje overstig 300 til saman "

Protokollmerkna den fekk 10 røyster, S.Toft-V, L.E.Gullanger-SV, A.Bakken-MDG, O.L.Mjøs-KRF, A.AA.Byrknes-KRF, S.Kjeka-KRF, A.K.Valle-SP, J.Herland-SP, J.Vassdal-SP og H.Reigstad-SP.

**Framlegg frå S.Hauge-Ap:**

Kommunestyret bed rådmann om å starte opp prosessen med å få kjøpt ut friområde i Lonane - Plan-id 1263-201610

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**KO - vedtak:**

Kommunestyret har vedteke områdeplan for Lonena – plan-ID 1263-201610 i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12, med dei endringane som er lagt fram i saka. (Rådmannen si tilråding), med følgjande endring:

- 6.3.2 Før det kan gjevast igangsettingsløyve for meir enn 100 bustadar innanfor områdeplanen og *for alle byggjeområder* langs Lonsvegen, må venstresvingefelt E39- Lonsvegen vere ferdig opparbeida.
- 6.3.3 Byggjeområdene i områdeplanen og *alle byggjeområder* langs Lonsvegen kan ikkje utbyggast med meir enn 500 bustader.

Kommunestyret bed rådmann om å starte opp prosessen med å få kjøpt ut friområde i Lonane - Plan-id 1263-201610

**Saksopplysningar:**

**Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i Plan- og miljøutvalet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

**Bakgrunn**

Sjå vedlegg.



## Saksframlegg

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>
	Plan- og miljøutvalet
	Kommunestyret

Sakshandsamar:	Sektor samfunnsutvikling og kommunalteknikk	Hogne Haugsdal
	Arkivnr.: 14/5177	Klassering:

### Lonena områdeplan - framlegg til 2. gongshandsaming - plan-ID 1263-201610

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Kommunestyret i Lindås vedtar områdeplan for Lonena – plan-ID 1263-201610 i samsvar med plan- og bygningslova § 12-12, med dei endringane som er lagt fram i saka. (Rådmannen si tilråding).

.....

#### Saksopplysningar:

##### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i Plan- og miljøutvalet.

Saka skal avgjerast i Kommunestyret.

##### Bakgrunn

Prosessen med å regulere området Lonena starta formelt i plan- og miljøutvalet 10.12.14, då vedtok utvalet følgjande (Sak 143/14):

*I medhald av Pbl §12-2 vedtar plan- og miljøutvalet at vidare regulering av området Lonena kan gjennomførast i tråd med gjeldande kommunedelplan. Det skal utarbeidast ein områdeplan. Plan- og miljøutvalet er positiv til at det vert eit privat offentleg samarbeid. Plan- og miljøutvalet forutsetter at kostnadene ved utarbeiding av plan blir å dekke av utbyggjar.*

Områdeplan for Lonena blei prioritert i planstrategien for kommunestyreperioden 2016 – 2019, og vedtak om oppstart av områderegulering blei gjort i plan- og miljøutvalet 06.10.16. Då blei planprogrammet lagt ut på høyring. Endeleg planprogram blei vedtatt av plan og miljø 28.06.2017 (sak 72/17) og stadfesta i kommunestyret 04.04.19 (sak 21/19).

## Høyring og merknader

Plan- og miljøutvalet vedtok å legge områdeplanen for Lonena ut på høyring i møte 29.05.19, og områdeplanen var på høyring i perioden 05.06.2019 - 31.07.2019. I høyringsperioden har det også vore gjennomført kontordagar i Nordhordlandshallen og kyrkja i Knarvik, i tillegg til folkemøte på Knarvik barneskule.

I høyringsperioden kom det inn totalt 70 merknader/innspele. Av desse var 8 innspel frå offentlege mynde og bedrifter, og 62 innspel frå privatpersonar, lag, organisasjonar og foreiningar.

Rådmannen har lagt inn alle merknader og innspel frå høyringsperioden i eit eige merknadsskjema. I merknadsskjemaet har rådmannen kommentert kvart enkelt innspel, med eventuelle framlegg til endringar av planframlegget. Merknadsskjemaet er lagt som vedlegg til denne saka, saman med alle dei originale merknadsdokumenta som er kome inn. Sortert etter tema er det følgjande hovudtrekk som går igjen i merknadane:

### Hovudtema i innspela frå offentlege mynde og bedrifter:

- Folkehelse og friluftsliv
- Trafikk
- Utnytting
- Energi
- Overvasshandtering
- Naturmangfald
- Universell utforming

### Hovudtema i innspela frå privatpersonar, lag, organisasjonar og foreiningar.

- Folkehelse, friluftsliv og rekreasjon
- Behov for utbygging og heilskapleg planlegging
- Trafikktryggleik og kapasitet på vegnettet
- Planprosess, demokrati og medverknad
- Naturmangfald, biosfæreområde og hydrologi
- Kulturminner
- Støy

## Motsegn frå Statens vegvesen

Som regional mynde fremja Statens vegvesen to motsegn knytt til kryssa mellom Lonsvegen/E39 og Lonsvegen/FV57. Det er Fylkesmannen i Vestland (FMV) som koordinerer motsegn frå regionale mynde, og 20. august var Lindås kommune i dialogmøte med Statens vegvesen og Fylkesmannen vedr. dei to motsegna og seks dialogpunkt frå Fylkesmannen. I møtet kom partane til semje både om motsegnspunkt og dialogpunkt. Meir utdjuing av dette kjem seinare i saka.

Plan- og miljøutvalet har også hatt styringsgruppemøte for å gå gjennom alle merknadane. Styringsgruppemøtet var 21. august.

## Vurdering

Det er planprogrammet og styringssignal frå den politiske styringsgruppa som har lagt grunnlaget for planframlegget som har vore på høyring. Føremålet med områdeplanen for Lonena er å vidareutvikle og tilrettelegge Lonena som friluftsliv- og rekreasjonsområde, samt legge til rette for utvikling av eit sentrumsnært bustadområde med god bustad- og bukvalitet.

Styringsgruppa har tatt prinsipielle og tydelege avgjerder undervegs i prosessen, som har vore sentrale vegval for å sikre rett og balansert utvikling av området. Her er nokre av styringssignala som planforslaget byggjer på:

- Områdeplanen skal utarbeidast som ein områdeplan med plankrav på alle delfelt til byggjeføremål. Det betyr at alle delfelt skal gjennom ei detaljregulering for å avklare alle detaljane, og dermed ha same politiske og demokratiske prosess som områdeplanen.
- Utnyttingsgrad i gjeldande kommunedelplan blir vidareført, 40-80% BRA. Maks 80% BRA.
- Samanlikna med den overordna kommunedelplanen for Knarvik – Alversund er areal til byggjeføremål (bustad) betydeleg avgrensa og redusert frå ca 170 000m<sup>2</sup> til ca 81 900m<sup>2</sup> i områdeplanen. Med maks 80% BRA tilsvarar dette ca 65.500m<sup>2</sup> med areal til bustadføremål.
- Areal til friområde, friluftsliv og rekreasjon er auka betydeleg, og planen skal i hovudsak ta vare på etablerte stiar og etablerte samlingspunkt i området
- Bygg i området skal vere maksimalt på 3 etasjar, dei skal tilpasse seg terreng og skal i hovudsak vere konsentrerte småhus som rekkehus/tomannsbustadar og firemannsbustader.
- Store delar av planområdet med våtmarksområdet, aktivitetsløype og grøntområda rundt skal leggest inn som eit grønt friområde. Det gir området ein permanent status som eit offentleg friområde, og det gir kommunen moglegheit for å kjøpa/løyse inn området

### **Rådmannen si vurdering av merknadane**

Rådmannen har vurdert kvar enkelt innspel opp mot det planforslaget som har vore på høyring. Vurderinga av kvart enkelt innspel er lagt inn i merknadsskjema som ligg som vedlegg til saka. Sjølv om alle merknader er kommentert i eige merknadsskjema, vil rådmannen i denne politiske saka trekke fram nokre av dei hovudtema som mange er opptatt av. Rådmannen si tilråding og framlegg til endringar i planen er lagt inn til slutt i denne politiske saka.

I dei neste avsnitta har kvart hovudtema fått eit kort samandrag på hovudtrekka i merknadane med etterfølgjande vurdering frå rådmannen.

#### **1. Folkehelse, friluftsliv og rekreasjon**

Mange av innspela handlar om at det er viktig å ta vare på det verdifulle friluftsområdet i Lonena som passar for alle - uansett alder og funksjonsnivå. Området må sikrast mot utbygging fordi det er viktig for folkehelse, friluftsliv og rekreasjon. Brekkeløypa og naturområdet rundt vert mykje nytta både av naboar, skular, barnehagar og personar frå heile regionen. Det er ein verdi i seg sjølv at det ligg eit naturområde så nært til regionsenteret Knarvik, og det gjer at området er attraktivt. Det er mange som nærast kan gå frå eigen hage og rett ut i naturen. Det er svært viktig å bevare brekkeløypa og sikre at det ikkje er innsyn frå løypa til framtidige bustadområder. Stillheit og opplevinga av ekte natur er viktig for mange, og etablerte stiar og samlingspunkt må bevarast. Det er også mange som ønskjer at ein skal legge til rette for fleire tiltak som fremjar aktivitet og friluftsliv.

### **Rådmannen si vurdering:**

Føremålet med områdeplan Lonena er å vidareutvikle og tilrettelegge området som eit friluftsliv- og rekreasjonsområde, i tillegg til å legge til rette for eit sentrumsnært bustadområde. I den overordna kommunedelplanen er store delar av Lonena sett av til bustadbygging. I områdeplanen for Lonena er dette endra. Areal til bustadføremål er betydeleg redusert og areal til grønne friområder, friluftsliv og rekreasjon er auka opp mykje. Områdeplanen gir også kommunen moglegheit til å kjøpe ut friarealet og gje det permanent status som friområde. Men det er berre gjennom ei regulering det er moglegheit for å kjøpe ut eit område på denne måten. Gjennom dei juridiske føresegnene og plankart vil planen sikre mykje av det som er viktig å bevare. Brekkeløypa og opparbeida turvegar, stiar og samlingsplassar skal oppretthaldast. Stiar og etablerte samlingspunkt, som i dag går gjennom areal som er regulert til bustad i planen, skal i hovudsak bli bevart eller bli erstatta. Dei store friområda blir oppretthalde som urørt naturområde, men det blir også opna for å kunne gje løyve til tiltak som fremjar friluftsliv. For å unngå innsyn frå Brekkeløypa til bustadområder er det lagt inn ein buffer på minimum 77 meter mellom Brekkeløypa og bustadområda på austsida (ved Langheiane) og minimum 30 meter mellom løypa og bustadområda på vestsida (ved Juvikstølen). I tillegg sikrer føresegn 2.1.2.6 at byggehøgde i vidare detaljregulering spesielt skal ta omsyn til fjernverknad frå friområde, der mellom anna Brekkeløypa inngår.

Ettersom dette er ein overordna områderegulering med plankrav, er det mange detaljar som ikkje vil kome fram i dette planframlegget. Detaljane kjem i detaljplanlegginga. Det er derfor forståeleg at mange er bekymra for kva som vil skje med kvalitetane til friluftsliv og natur i dette området. Rådmannen meiner det er lagt klare og tydelege rammer i områdeplanen som skal sikre dei grønne kvalitetane i området. Areal til grønne friområder, friluftsliv og rekreasjon er auka betydeleg, og kommunen kan gjennom områdeplanen sikre området permanent status som friområde. Offentlege mynde støttar at det er gjort grundige vurderingar for friluftsliv og at planen handterer temaet godt.

## **2. Behov for utbygging, bustadtyper, utnytting og heilskapleg planlegging**

Det er tydeleg at mange ikkje ønskjer utbygging i Lonena og ber kommunen gå for null utbygging. Det blir også stilt spørsmål om det er behov for ei slik utbygging, sett i lys av prognosar på folketal og at det er ledige bustadareal andre stader i Knarvik og i kommunen. Bygg først ut i Knarvik sentrum og vent med utbygging i Lonena er ei tydeleg tilbakemelding. Det er også mange som ber kommunen utsette avgjerda med områdeplanen til Alver kommune, slik at den nye kommunen kan gjere ei heilskapleg vurdering opp mot andre områder. Eller vente til kommunedelplanen for området først blir vedtatt. Det er også mange som meiner at det er viktig å leggje til rette for barnefamiljar i ei utbygging i Lonena, gjerne med større bueiningar og einestader. Utbygginga i Knarvik dei seinare åra har gjerne hatt bustadtypar som er betre tilpassa dei eldre, og ikkje for barnefamiljar. Det er fleire som peikar på at kommunen må sette eit makstal for bustader i Lonena, medan Hordaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Vestland rår til å auke utnyttingsgraden. Dei viser til regional areal- og transportplan, og at utviklinga av regionale vekstsoner som Knarvik i størst mogleg grad bør nytte heile utbyggingspotensialet. Nærleiken til regionsenteret gjer det naturleg å vurdere høg grad av urbanitet i utbyggingsmønster og utforming. Fylkesmannen var i dialogmøtet 20.08 tydeleg på at utnyttingsgraden, maks 80% BRA, er for låg for den sentrale delen av Lonena. Dette er forhold som Fylkesmannen truleg vil følgje opp ved detaljregulering.

### **Rådmannen si vurdering:**

I planstrategien for Lindås kommune, vedtatt i 2016, er områdeplan for Lonena ein av dei planane som er prioritert gjennomført i kommunestyreperioden, og rådmannen jobbar etter denne bestillinga. Det har også vore eit klart politisk ønskje om å vedta områdeplanen før Lindås blir ein del av Alver kommune. Eitt av dei viktigaste politiske måla med prosessen er å sikre eit plangrunnlag og vedtak, som gjer at kommunen har moglegheit til å kjøpe ut friområdet og sikre permanent status som friområde. I tillegg er det viktig å sikre at Brekkeløypa og etablerte stiar etc blir oppretthalde, og at ein større del av Lonena blir lagt til rette for friluftsliv og rekreasjon i framtida. Det er forståeleg at mange vil vente til Alver med å ta ei endeleg avgjerd for planen, men rådmannen meiner det kan skape usikkerheit for korleis dette området skal utvikle seg vidare. Gjennom planarbeidet er det jobba aktivt med å få til ei balansert utvikling mellom bustadbygging og ta vare på dei grønne friluftsområda. Det er naturleg at mange stiller spørsmål om det er behov for meir bustadbygging rundt Knarvik, dette på grunn av venta mindre vekst i folketal og at det er planar om utbygging i Knarvik sentrum. Det er mange som ber kommunen satse sentrum før utbygging i Lonena.

Knarvik er eit regionsenter og kommunesenter, og i samfunnsdelen til Lindås sin kommuneplan er det lagt vekt på at ein skal vidareutvikle Knarvik som ein attraktiv og levande by for heile regionen. For å nå dette målet skal vi satse på gode bumiljø med kvalitet og varierte bustadtypar tilpassa folk i ulike livsfasar. Det er derfor viktig at regionsenteret har tilgjengelig bustadareal for å sikre vidare vekst og attraktivitet. Dette vil vere viktig for næringsliv, kulturopplevingar, handel, skular, barnehage og fritidstilbod. Områdeplanen for Lonena vil støtte opp om utviklinga rundt regionsenteret, og saman med områdeplan for Knarvik sentrum vil den gje langsiktige og føreseielege rammer for korleis store delar av Knarvik skal utviklast. Knarvik sentrum og Lonena har ulik karakter og skal utvikle seg ulikt. Knarvik sentrum har ein meir urban karakter med hovudvekt av leilegheiter, medan Lonena er meir rural med hovudvekt av større bueiningar. Det blir lagt opp til eit bustadområde med god blanding av ulike bustadtypar for ulike behov – for småbarnsfamiliar, par, einslege, eldre etc. Alle delfelt, med unntak av eitt (BKS1), legg opp til kombinasjon av konsentrerte småhus i kombinasjon med leilegheitsbygg. Konsentrerte småhus skal i hovudsak vere rekkehus, tomannsbustadar eller firemannsbustadar. Eitt delfelt legg opp til berre rekkehus.

Utbygginga i Lonena og Knarvik sentrum kan gå parallelt. Det er ikkje lagt opp til at dette er områder som skal konkurrere med kvarandre, men utfylle kvarandre. Til slutt vil det vere marknaden og etterspørsel som avgjer kor folk vil busette seg. Utbygging i Lonena støttar også opp om nasjonale og regionale føringar for areal- og transportplanlegging. Over halvparten av bustadarealet ligg mindre enn 1 km frå Knarvik sentrum, som betyr at det er eit sentrumsnært bustadområde med fleire bustader rundt eit kollektivknutepunkt. Området ligg også tett på barnehage, skule og idrettsanlegg og legg til rette for mindre biltransport og meir sykkel og gange.

### **3. Trafikktryggleik og kapasitet på vegnettet**

Det er kome mange innspel knytt trafikktryggleik og kapasitet på vegnettet i Lonsvegen, og i kryssa ved E39 og FV57. Det er fleire som peikar på at trafikkauken av ei utbygging i Lonena ikkje er godt nok utgreidd i planprosessen. Auka utbygging vil gje fleire bilar i Lonsvegen og det vil føre til dårlegare trafikktryggleik for mjuke trafikantar. Det er ikkje tatt høgde for at ny barneskule er kome og kapasitet på kryssa på E39 og FV57 er allereie sprengt. I merknadane er det også lagt vekt på at byggeområda er for langt unna Knarvik sentrum, og at dei fleste må bruke bil for å nå sentrale tilbod

som skule, barnehage, fritidstilbod, kollektiv og handel. Statens Vegvesen varsla motsegn i høyringa for å sikre kapasitet i kryssa FV 57- Juvikstølen og E39 - Lonsvegen. Dei hadde følgjande krav til kryssa:

1. E 39: Maks 100 bueningar kan tillatast innanfor områdeplanen eller øvrige utbyggingsområde langs Lonsvegen, før venstresvingefelt må vere på plass på E39
2. FV 57: Maksimalt 500 nye bueningar frå området, inkludert eventuelt andre utbyggingar knytt til Lonsvegen/Juvistølen, før lyskryss skal vere avlasta for trafikk. Kravet er knytt til framtidig ny trasé for FV 57, eventuelt saman med E39, som avlastar vegstrekket forbi kryssområdet.

#### **Rådmannen sin vurdering:**

Handtering av trafikk og trafikktryggleik er viktig i eit bustad- og aktivitetsområde, og ei utbygging i Lonena og langs Lonsvegen vil ha påverknad på trafikken i området. Områdeplan for Lonena er ein overordna reguleringsplan, og trafikkvurderinga som ligg til grunn for planen på dette nivået meiner rådmannen er god. Slik planen er lagt opp, skal det gjennomførast trafikkvurdering i prosessen med detaljregulering. Trafikkvurderinga skal særleg ha fokus på naudsynte tiltak ved FV57 og E39, og nye ÅDT-tal skal ligge til grunn, der nye etableringar, som til dømes ny Knarvik barneskule blir tatt med i grunnlaget. Detaljreguleringa vil ha meir informasjon om tal på bustadar etc, og vil dermed gje meir detaljerte utgreiingar av konsekvensane for planområdet og nærområdet med omsyn til trafikktryggleik. Eventuelle rekkjefølgjekrav for trafikktryggleik i desse områda kjem i detaljreguleringa. Når det gjeld problemstillinga om ei utbygging i Lonena blir bilbasert, er det viktig å understreke at halvparten av bustadområda ligg under 1 km frå Knarvik sentrum. Planframlegget legg i stor grad til rette for eit mindre bilbasert bustadområde enn eksisterande bustadområder i Knarvik. Det blir lagt opp til 1 parkeringsplass for bil per buening, og planen skal legge godt til rette for syklende og den gåande i planområdet.

Statens vegvesen varsla motsegn i høyringa for å sikre kapasitet i kryssa FV 57- Juvikstølen og E39 Lonsvegen. Kommunen var i dialogmøte med Statens vegvesen og Fylkesmannen 20.08.19, og det blei avklart kva rekkjefølgjekrav som må inn i planen knytt til desse kryssa. Følgjande formulering av nye føresegnar er godkjent i samråd med Statens vegvesen:

- § 6.3.2: Før det kan gjevast igangsettingsløyve for meir enn 100 bustadar innanfor områdeplanen og langs Lonsvegen, må venstresvingefelt E39- Lonsvegen vere ferdig opparbeida.
- § 6.3.3 Byggjeområda i områdeplanen og langs Lonsvegen kan ikkje utbyggast med meir enn 500 bustader.
- § 6.3.4 Dersom oppdatert trafikkanalyse viser at det er forsvarleg, kan ein vurdere regulering og bygging av fleire enn 500 bustader. Naudsynte tiltak for trafikktryggleik og framkome skal vere ferdigstilt før igangsettingsløyve.

I dialogmøtet med Fylkesmannen blei det også avklart at planen kan ha ei føresegn som opnar opp for meir enn totalt 500 bustader i byggjeområder langs Lonsvegen og Lonena - dersom ei oppdatert trafikkanalyse viser at dette er forsvarleg (§ 6.3.4). Det kan skje endringar på FV57 og E39 i framtida som gjer at trafikken i kryssa mot Lonsvegen blir betydeleg endra og dermed kan handtere meir utbygging, dette bør ein ta høgde for områdeplanen for Lonena. Rådmannen rår til at desse endringane i føresegnar blir lagt inn i områdeplanen.



#### **4. Planprosess, demokrati og medverknad**

I merknadane kjem det fram at fleire er kritisk til korleis kommunen har gjennomført planprosessen med områdeplanen for Lonena. Det gjeld til dømes samarbeidet med utbyggjar og plankonsulent, der fleire spør kvifor det er plankonsulent Opus som utarbeider utgreiingar og grunnlag for planen. Det er også fleire som ikkje er nøgd med medverknadsprosess, høyringsperiode og dialogen med kommunen. Det kjem også kritikk til korleis kommunen si spørjeundersøking vart lagt opp og korleis resultatane er nytta i planarbeidet. Er det fleirtal av negative merknadar, så må ein ta høgde for dette i den endelege vurderinga av planen.

##### **Rådmannen si vurdering:**

Arbeidet med områdeplanen for Lonena blei formelt vedtatt starta opp i sak 143/14, med følgjande vedtak: *«I medhald av PBL § 12-2 vedtar plan- og miljøutvalet at vidare regulering av området Lonena kan gjennomførast i tråd med gjeldande kommunedelplan. Det skal utarbeidast ein områdeplan. Plan- og miljøutvalet er positiv til at det vert eit privat offentleg samarbeid. Plan- og miljøutvalet forutset at kostnadane ved utarbeiding av plan blir dekke av utbyggjar».*

Plan- og bygningslova opnar opp gjennom § 12-2 for at andre mynde eller private kan utarbeide forslag til områderegulering, og den moglegheita valde plan- og miljø å nytte seg av i denne planprosessen. Med bakgrunn i dette blei det laga ein samarbeidsavtale mellom Lindås kommune og grunneigar Rygir Tomteutvikling AS, og i denne avtalen står det mellom anna *«Rygir har gjort avtale med plankonsulent Opus Bergen AS (Opus), som vil stå for arbeidet med å utarbeide planforslag og alle tilhøyrande utgreiingar.* Det er planprogrammet, som er vedtatt av kommunestyret, som er styrande for kva for tema som skal vurderast i planprosessen og korleis planprosessen skal gjennomførast. Mellom anna skal det gjennomførast konsekvensutgreiingar (KU) for ulike tema, ettersom tiltak og utbygging vil ha vesentlege verknadar på miljø og samfunn. KU blir gjennomført etter ein standard metode og det er naturleg at det er plankonsulent Opus som gjennomfører dette i samsvar med samarbeidsavtalen. KU er eit grunnlag for å ta viktige avgjerder i planprosessen.

I planprogrammet er det beskrive kva medverknadsprosess planen legg opp til, mellom anna var det bestilt medverkingsprosess parallelt med planarbeidet. Kommunen har vald å gjennomføre ei spørjeundersøking for å nå ut til fleire enn dei som kjem med innspel til høyringar. Fleire er kritisk til at kommunen står bak ei undersøking som har blitt oppfatta nærare som ei marknadsundersøking. Undersøkinga blei utarbeida i samarbeid mellom plankonsulent og administrasjonen i Lindås kommune. Spørsmåla blei drøfta i ei tverrfagleg arbeidsgruppe beståande av fagfolk frå ulike avdelingar i kommunen, mellom anna plan, eigedom, veg og kultur. Undersøkinga blei ikkje lagt fram for den politiske styringsgruppa for kvalitetssjekk, og det er beklageleg at dette ikkje blei gjennomført. Oppsummeringa av spørjeundersøkinga belyser at respondentane ikkje var eit representativt utval. Det vil seie at aldersfordelinga til respondentane ikkje samsvarar med aldersfordelinga i Lindås kommune. Det var også overvekt av folk frå Knarvik-området som har svart. Likevel har kommunen i planarbeidet tatt omsyn til hovudtrekka i tilbakemeldingane, nemleg at Brekkeløypa og naturområda må ivareta, og at fleire ønskjer meir tilrettelegging.

Når det gjeld høyringsperiode og høyringsfristar i fellesferien er rådmannen klar over at det ikkje ideelt, men av og til er det ein naturleg konsekvens av tidsplanen i ein planprosessen. På grunn av høyring i fellesferien, blei høyringsfristen utvida med to veker utover minstekravet jf. plan- og bygningslova, som er 6 veker. Alle innspel som kjem inn i høyringsperioden blir vurdert kvalitativt

opp mot planframlegget. Basert på innspela blir det vurdert behov for endringar, justeringar og ytterlegare utgreiingar. Dette er uavhengig av om innspela er positive, negative eller nøytrale. Alle innspel blir vurdert heilskapleg opp mot planframlegget. Til sjuande og sist vil det vere ei politisk vurdering på kva innspel ein vil legge vekt på og ikkje.

## **5. Naturmangfald, biosfære og hydrologi**

Det er mange som er opptatt av å ta vare på Lonena på grunn naturmangfald og at våtmarksområdet har ein stor verdi. Lonena er eit hekkeområde for mange fugleartar og det finns artar i området som er truga. Det er fleire som er kritisk til konsekvensutgreiinga (KU) for naturmangfald og meiner den er basert på utdaterte kjelder. Det blir også peika på at dei hydrologiske konsekvensane av ei utbygging i Lonena er ikkje godt nok greidd ut når det gjeld avrenning mot Kvassnesstemma og Osterfjorden. Konsekvensane kan bli alvorlege, med større fare for flaum og inntørking. Det er også mange som vektlegg at Nordhordland er blitt eit UNESCO biosfæreområde, og at ein bør avvente planprosessen fram til det er avklart kva dette betyr for regionen.

### **Rådmannen si vurdering:**

Når det gjeld naturmangfald er det gjennomført ei konsekvensutgreiing (KU) for naturmiljø og biologisk mangfald. Det er gjennomført etter kjend metodikk og med bruk av kjende kjelder. Datagrunnlaget til KU for naturmangfald er bl.a litteratur og ulike GIS (geografisk informasjonssystem)- databasar, der hovudkjelda er nettstaden *Kilden*. Informasjon om naturtypar, viltområder, sårbare og truga artar er henta frå *Naturbase*, *Artskart* og *Miljøstatus*. Det er også utført feltundersøkingar. I KU er naturmangfaldet samla vurdert som middels verdi. Det fins 7 artar i området som er kategorisert som nært truga i raudlista. Det er gjort enkeltobservasjonar av to raudlisteartar, kategorisert som sterkt truga. Hekkemåke hekkar periodevis i området, og er kategorisert som sårbar. I områdeplanen er det lagt inn føresegnar (føresegn 3.1.i) som sikrar at anbefalte tiltak i KU naturmangfald skal vurderast i kvar detaljreguleringsplan. Omsyn til naturmangfaldet vert også dekkja av naturmangfaldlova. Det er også gjennomført ein KU for hydrologi, som viser at vil bli auka avrenning ved ei utbygging i Lonena. For å sikre Osterfjorden og Kvassnesstemma mot skader frå avrenning, foreslår rådmannen å legge inn ei føresegn som skal sikre desse områda for skader. Framlegg til ny føresegn 2.1.4.4:

- *Føresegn 2.1.4 Samfunnstryggleik- overvasshandtering* blir supplert med *2.1.4.4 Område nedstraums planområdet må sikrast mot skadar ved auka avrenning*.

Før sommaren 2019 fekk Nordhordland status som UNESCO biosfæreområde, dette er eit prosjekt som regionen har jobba målretta med i mange år. Eit biosfæreområde er eit avgrensa geografisk modellområde, utnemnd av UNESCO, der ein har særskilt gode vilkår for å legge til rette for berekraftig utvikling. Målet er å oppnå ein meir berekraftig balanse mellom å ta vare på biologisk mangfald og naturressursar, fremje økonomisk utvikling og sikra ei god samfunnsutvikling. For å skape berekraftig utvikling må vi arbeide på tre område: 1: Sosiale forhold, 2: miljø og klima 3: økonomi. Til grunn for arbeidet i alle biosfæreområder, også i Nordhordland, ligg FN sine 17 berekraftsmål der ein skal finne lokale løysingar på dei globale utfordringane verda står ovanfor. Som eit biosfæreområde skal Nordhordland leggje til rette for god dialog mellom kommunane, næringsliv, lag, organisasjonar og befolkninga elles - for å ta gode val i samfunnet og for framtida. Rådmannen ser på det som positivt at Nordhordland har fått status som biosfæreområde, og det er starta eit regionalt arbeid for å klargjere kva dette vil bety i praksis. I prosessen med områdeplan Lonena er det fleire som argumenterer for vern av området ettersom regionen er blitt eit biosfæreområde. Slik rådmannen forstår biosfære handlar det ikkje om vern, men om balanse for å få til berekraftig utvikling. I denne balansen skal ein vurdere økonomisk vekst og utvikling, biologisk mangfald og natur og sosiale forhold. Rådmannen meiner at prosessen med Lonena er eit godt døme korleis ein kan få til ei balansert utvikling i eit område med mange interesser. Gjennom planarbeidet er det jobba

aktivt med å få til ei balansert utvikling med bustadbygging i nærleiken av eit regionsenter, samtidig som ein i størst mogleg grad tar vare på dei grønne friluftsområda og naturverdiar.

## **6. Kulturminner**

Det er fleire som peikar på at det finns verdifulle kulturminner i og tett på planområdet. Det er særleg området med Gamleskulen og skulestiane som er viktig, og at dette må sjåast i samanheng med områdeplan for Lonena .

### **Rådmannen si vurdering:**

Det er viktig å presisere at Gamleskulen og stiane som går mellom Gjervik og Isdal ikkje er ein del av planområdet. Elles blir det vist til riksantikvaren sine register for kulturminner. Det er ingen registrerte bygningar i riksantikvaren sitt Sefrak- register. Det er heller ingen registrerte kulturminner i Askeladden, riksantikvaren sin database for freda kulturminner og kulturmiljø. Dersom det blir funn av kulturminne/ gjenstandar/ konstruksjonar under graving skal arbeidet stansa og rette kulturminnemynde skal underrettast. Viser til føresegn 2.1.3.5: *Dersom funn, gjenstandar, konstruksjonar eller kulturminne vert oppdaga i samband med gravearbeid, skal arbeid stansast og rette kulturmynde skal underrettast.*

## **7. Transformatorstasjon**

BKK Nett ber Lindås kommune legge inn areal på to dekar til transformatorstasjon i planområdet. Dei forklarar at etablering av transformatorstasjon krev anleggskonsesjon med heimel i energilova § 3-1. Anleggskonsesjon er ikkje avhengig av at plasseringa er i samsvar med reguleringsplan. Likevel vil prosessane for å få anleggskonsesjon og eventuelt samtykke ved ekspropriasjon, gå enklare dersom konsesjonssøknad er i samsvar med semje mellom Lindås kommune og BKK Nett.

BKK Nett viser til historikken, der dei har planlagt ein ny transformatorstasjon i Lonena sidan 1972, og den kom med i kommuneplanen frå 1980-åra. Strukturen i kraftnettet er derfor etablert utifrå ei forventning om plassering av transformatorstasjon i Lonena. Likevel blei arealføremål for transformatorstasjon tatt ut frå kommuneplanen for nokre år sidan. BKK gjer også greie for korleis ein eventuelt kunne plassert transformatorstasjonen på Alver, eventuelt utvida eksisterande transformatorstasjon på Seim eller Meland. Desse alternativa gjer ein del meirkostnadar og svakheiter på grunn av strukturen i straumnettet. Det er allereie i dag svært utfordrande å knyte nytt forbruk på eksisterande 22 kV kraftnett. Ny tilkopling til nytt forbruk vil bidra sterkt i å svekke forsyningssikkerheita. Derfor hastar det å få på plass ein ny transformatorstasjon i Lonena, og ein er avhengig av ein smidig prosess.

I innspelet sitt legg BKK Nett fram følgjande aktuelle plasseringar for ein transformatorstasjon.

Alternativ 1: I friområde o\_GF4, ved inngang til Brekkeløypa. O\_BE2 i figur 1.

Alternativ 2: I hovudsak inn på SVG11 og noko inn i bustadområde BAA, parkering o\_SPA og veg o\_SKV4. (Sjå figur 1)

Figur 1: BKK sitt ønske om plassering av transformatorstasjon i Lonena. Kartutsnitt er henta frå merknaden til BKK Nett.



### Rådmannen si vurdering

Det er riktig at kommunen og BKK Nett har hatt ein langvarig dialog om plassering og utforming av ein transformatorstasjon i Lonena, utfordringa er at både plassering og utforming av eit slikt anlegg er i konflikt med andre viktige interesser i området. Rådmannen ser heilt klart behovet med å få på plass ein transformatorstasjon som kan sikre større kapasitet i kraftnettet og som kan betre leveringstryggleiken til sørlege delar av regionen. Straum er samfunnskritisk infrastruktur og ein viktig faktor for vidare samfunnsutvikling. BKK Nett presiserer også i sin merknad at det er mogleg å etablere ein transformatorstasjon som er meir kompakt og moderne enn dei opprinnelege stasjonane som tar mykje plass og er godt synleg i landskapet. Det er lagt ved illustrasjonar i merknaden som viser korleis dei kompakte stasjonane kan ligge i terrenget.

I den politiske handsaminga av områdeplanen før 1. gongs handsaming valte plan- og miljøutvalet å ta ut areal til transformatorstasjon/energianlegg. Dette med bakgrunn i dei konfliktane eit slikt anlegg har i det området som energianlegga var tiltenkt. For alternativ 1 vil ein transformatorstasjon ligge ved inngangen til brekkeløypa og vil dermed vere sær synleg. Dette er ikkje å anbefale på grunn av friluftinteressene, og det vil ikkje støtte opp om føremålet med områdeplanen der ein skal å vidareutvikle og tilrettelegge Lonena som friluft- og rekreasjonsområde. Alternativ 2 ligg meir skjerma frå brekkeløypa og friområdet o\_GF4, og er plassert betre inn i terrenget. Ein mindre del av transformatorstasjonen er lagt inn på området BAA. Isolert sett kunne dette vore ei fornuftig plassering av eit slikt anlegg, men viss eit nytt arealføremål skal inn i planen på dette tidspunkt vil det krevje ny høyring. Alternativ 2 er også eit område som ikkje er lansert for kommunen tidligare. Med omsyn til planprosess, tid og politiske avklaringar rår ikkje rådmannen å legge inn ein transformatorstasjon i områdeplanen for Lonena.

Ideelt sett skulle ein brukt plan til å plassere ein transformatorstasjon, men BKK Nett har eit handlingsrom til å få anleggskonsesjon med heimel i energilova – og den er unntatt frå dei fleste paragrafar i plan- og bygningslova. Det betyr at ein anleggskonsesjon etter energilova ikkje vil vere avhengig av plassering i samsvar med arealføremål i reguleringsplan eller kommuneplan. I praksis betyr det at BKK Nett kan plassere transformatorstasjonen der dei ønskjer.

## **8. Universell utforming**

I dialogmøtet med Fylkesmannen i Vestland 20.08.2019 var universell utforming (UU) eit av dialogpunkta som Fylkesmannen ville drøfte med kommunen. Fylkeskommunen etterlyste eit tal på kor mange av bustadane i områdeplanen som skal vere universelt utforma. Konklusjonen frå møtet var at 50% av bustadane må vere universelt utforma (uu).

### **Rådmannen si vurdering:**

Rådmannen ser ofte at det er ulike forståing for begrep rundt universell utforming (UU) og universell tilgjenge. TEK 17 set krav til bustader som skal vere UU og til bustader med tilgjenge. UU er betydeleg strengare enn tilgjenge, jf. TEK 17, kapittel 12. I ein bustad med krav om tilgjenge, skal ein rullestolbrukar kunne manøvrere seg i alle rom. I ein bustad med krav om UU, krevst det i tillegg heve/senke-kjøkken, kontrastfargar, krav om heis internt i bueining som går over to etasjar etc. Lindås kommune har eit eldre vedtak som seier at 70% av bustadane skal vere UU. Rådmannen vil anbefale å sjå på dette vedtaket på nytt, opp mot krava om UU og tilgjenge som ligg i TEK 17. Rådmannen meiner i utgangspunktet at det det ikkje er behov for å legge inn eit konkret prosenttal på kor mange av bustadane som skal vere universelt utforma, då dette går fram av TEK 17. Og TEK 17 blir vurdert som streng nok. Mellom anna seier TEK 17 at 10% av studentbustadar og 10% av alle hotellrom skal vere UU. Erfaringar viser at behovet er mindre. Ettersom UU var eit tema i møtet med Fylkesmannen og det det blei konkludert med 50% UU, rår rådmannen likevel til å legge dette inn i føresegnene.

## **9. Støy**

Det er fleire som peikar på at krava til støy er for svak slik dei er presentert i føresegnene (3.2.3 Støyrapport). Kravet er at ved søknad om rammeløyve, skal det leggjast ved ein støyrapport med tiltaksplan og dokumentasjon for støytilhøve i prosjektert bygningsmasse og uteareal. Støy frå bygge- og anleggsperioden skal også vurderast.

### **Rådmannen si vurdering:**

Støy vert vurdert i samsvar med til ein kvar tid gjeldande retningsline. Rådmannen støttar at krav til støy må vere meir tydeleg i planen. Rådmannen rår derfor til følgjande endring i føresegn 3.2.3:

- Ved detaljregulering skal det utarbeidast støyrapport og dokumentasjon på gjennomføring av tiltak i tiltaksplanen må ligga ved søknad om rammeløyve.

Dette betyr også at støy blir lagt til som eit krav i detaljregulering under kap 3.1 i føresegnene – krav til detaljregulering. Det blir ny bokstav j) *Støyrapport*.

### **Planen erstattar delar tre andre reguleringsplanar**


Områdeplan Lonena erstattar delar av *Langheiane B3, B4 og B5- planid 1263-201005, Områdeplan for Lonelva - Juvikvarden - planid 200904 og Juvikstølen- planid 07022002*. For dei delane av *Områdeplan for Lonelva - Juvikvarden* og reguleringsplan for *Juvikstølen* som overlappar med områdeplan Lonena, er det berre gjort minimale justeringar i arealavgrensingane. Justeringane vurderast som administrative og er derfor ikkje varsla berørte naboar. Eit mindre areal som overlappar med reguleringsplan for *Langheiane B3, B4 og B5* har endra arealføremål frå friområde til

veg i Lonena områdeplan, slik at arealføremålet er i tråd med eksisterande situasjon. Arealendringa vart skildra i eit begrensa varsel datert 21.06.2019 som vart sendt ut til berørte naboar.


### Mindre plangrensejusteringar

Det er behov for å gjere mindre plangrensejusteringar for å ta ut areal som overlappar med naboplanar og som ikkje er endra i planframlegget. Plangrensejusteringane vurderast som mindre justeringar som ikkje har noko betydning for planen. Justeringane er teknisk og bidrar til å gje kommunen ein «saumlaus» planbase. Arealjusteringane gjeld følgjande:

I vest – Fjerne BKS2, BFS4, BFS3, BFS2, BOP.




I sør – Fjerne overlappende areal med områdeplan *Lonelva Juvikvarden planid 20904* (raude liner). Juster plangrensa inntil o\_SVG2, o\_SVG8, o\_SVG10, o\_SKV4, o\_SF3 og o\_SVG11, slik at Lonsvegen m.m. blir tatt ut av planområdet.





I aust – fjerne f\_BRE, BLK, f\_G1 og BFS1.



## Rådmannen si tilråding

I samsvar med plan- og bygningsloven § 12-12, vedtar kommunestyret i Lindås kommune framlegg til områdeplan Lonena del av gnr. 185 bnr. 284, 346, 280, 281 og 1 med følgjande endringar:

- Områdeplan Lonena erstattar delar av *Langheiane B3, B4 og B5- planid 1263-201005, Områdeplan for Lonelva - Juvikvarden - planid 200904 og Juvikstølen- planid 07022002.*
- Føresegn 2.1.4 *Samfunnstryggleik- overvasshandtering* blir supplert med føresegn 2.1.4.4 *Område nedstraums planområdet må sikrast mot skadar ved auka avrenning.*
- Under kap 6.3 i føresegnene «Før bygningar takast i bruk», blir det lagt inn følgjande endringar:
  - § 6.3.2: Før det kan gjevast igangsettingsløyve for meir enn 100 bustadar innanfor områdeplanen og langs Lonsvegen, må venstresvingefelt E39- Lonsvegen vere ferdig opparbeida.
  - § 6.3.3 Byggeområda i områdeplanen og langs Lonsvegen kan ikkje utbyggast med meir enn 500 bustader.
  - § 6.3.4 Dersom oppdatert trafikkanalyse viser at det er forsvarleg, kan ein vurdere regulering og bygging av fleire enn 500 bustader. Naudsynte tiltak for trafiktryggleik og framkome skal vere ferdigstilt før igangsettingsløyve.
  - Føresegn § 6.3.2 i høyringsforslaget blir § 6.3.5
  - Føresegn § 6.3.3 i høyringsforslaget blir § 6.3.6

- Planskildringa supplerast med **Måker**, KU for naturmangfald viser at det er måker som hekker i området. Omsyn til måkene vurderast å vere ivaretatt med plasseringa av bustadområda, i god avstand frå våtmarksområdet Lona. i avsnitt 9.5 Friluftaktivitet, naturområde, born og unges interesser i nærområdet.
- Omsynssone H 730 Høgspenningsanlegg endrast til bandleggingssone H 740.
- Plangrensa justert slik at følgjande areal blir fjernafjernast: BKB2, BFS2-4, BOP, f\_BRE, BLK, f\_G1, BFS1 og Lonsvegen, inkludert tilgrensande areal sør for Lonsvegen som overlappar med Områdeplan for Lolelva og Juvikvarden planid 200904, slik at plangrensa blir lagt inntil o\_SVG2, o\_SVG8, o\_SVG10, o\_SKV4, o\_SF3 og o\_SVG11.
- Supplere føresegn 2.1 med *minimum 50% av bustadane skal vere universelt utforma.*
- Fjerne føresegn 2.1.1.1. (Prinsippet om universell utforminggjeld for heile planområdet.)
- Fjerne føresegn 2.1.2.7 . Dette er dekket av plan- og bygningslova (Merknad frå byggesaksavdeling)
- Endre føresegn 3.2.2 til 3.2.2 VA-teknisk plan, Ved søknad om rammeløyve skal detaljert løysing liggje føre basert på prinsipp lagt til grunn i VA-rammeplan for delfeltet/ delfelta.
- Supplere føresegn 3.1 Krav om detaljreguleringsplan med j) Støyrapport.
- Endre føresegn 3.2.3 Støyrapport til Ved søknad om rammeløyve skal dokumentasjon for gjennomføring av tiltak i tiltaksplanen frå støyrapporten til detaljreguleringa ligga ved.
- Supplere 3.1. med k) Soldiagram som syner korleis føresegn 4.1.1.5 blir fulgt opp.
- Endre føresegn 4.3.1 Friområde (GF1-4) til *Friområda skal oppretthaldast som hovudsakleg urørt naturområde. Tiltak for å fremje friluftsliv kan gjevast løyve til. Det kan etablerast enkle tilretteleggingstiltak for ålmenta si bruk av området, sti og universelt utforma gangveg i samråd med kommunen. Døme på enkle tilretteleggingstiltak kan vere enkel ballplass med grus, sand eller naturgras, universelt utforma badeplass, gapahuk, grillplass, leikeapparat, bord og benkar og enkle toalettbygg. Lista er ikkje uttømmende. Det er ikkje tillete med tiltak som kan redusere opplevingsverdiane eller hindre ferdsel for ålmenta. Type tiltak og plassering må avklarast med kommunen.*
- Supplere føresegn 6.3 Før bygningar kan takast i bruk med 6.3.4 Før det kan gjevast mellombels bruksløyve/ ferdigattest, skal teknisk plan for VA vere endeleg godkjend.
- Supplere føresegn 6.3 Før bygningar kan takast i bruk med 6.3.4 Før det kan gjevast mellombels bruksløyve/ ferdigattest, skal renovasjonsteknisk plan vere endeleg godkjend.

.....

**Vedlagte saksdokument:**

Plankart	295441	26.08.2019
Føresegner	295254	26.08.2019
Kvalitetsprogram	308285	26.08.2019
ROS-rapport	308286	26.08.2019
Merknadsskjema_planprogram	308287	26.08.2019
KU Naturmangfold	308288	26.08.2019
KU Hydrologi	308289	26.08.2019
KU Sosial infrastruktur	308290	26.08.2019
KU Landskap	308291	26.08.2019



KU Friluftsliv	308292	26.08.2019
KU Trafikk	308293	26.08.2019
Skredfarevurdering	308294	26.08.2019
Samandrag av spørjeundersøking	308295	26.08.2019
Samandrag av spørjeundersøking_Vedlegg	308296	26.08.2019
Fråsegn til Lonena_HFK_68	310501	06.09.2019
Fråsegn til Lonena_NVE_75	310502	06.09.2019
Høyringsuttale - Innpill til Lonena_ArneRognebakke_63	310503	06.09.2019
Høyringsuttale - Innpill til Lonena_OddmundSkår_64	310504	06.09.2019
Høyringsuttale - Lonene KnarvikMila_67	310505	06.09.2019
Høyringsuttale_FNB_07062019_59	310506	06.09.2019
Innspel Lonena_EspenVesteraas_114	310507	06.09.2019
Innspel Lonena_HåkonVatnøy_98	310508	06.09.2019
Innspel Lonena_Nordhordlandturlag_107	310509	06.09.2019
Innspel til Lonena_Ainalsdal_110	310510	06.09.2019
Innspel til Lonena_AlverSenterparti_104	310511	06.09.2019
Innspel til Lonena_AlverSenterparti_108	310512	06.09.2019
Innspel til Lonena_AndersHindenes_121	310513	06.09.2019
Innspel til Lonena_Anne_Marie Midtbø_105	310514	06.09.2019
Innspel til Lonena_ArildBreistøl_122	310515	06.09.2019
Innspel til Lonena_Arne-MartinKnutsen_127	310516	06.09.2019
Innspel til Lonena_AstridBjørstad_128	310517	06.09.2019
Innspel til Lonena_AstridBjørstad_129	310518	06.09.2019
Innspel til Lonena_AtleAustrheim_123	310519	06.09.2019
Innspel til Lonena_BenteBergetun_100	310520	06.09.2019
Innspel til Lonena_BirtheKråkenesBjørnstad_119	310521	06.09.2019
Innspel til Lonena_BKKNett_71	310522	06.09.2019
Innspel til Lonena_CatoHenriksen_90	310523	06.09.2019
Innspel til Lonena_DeniseHagen_124	310524	06.09.2019
Innspel til Lonena_EspenVesteraas_115	310525	06.09.2019
Innspel til Lonena_EspenVesteraas_116	310526	06.09.2019
Innspel til Lonena_FAUKnarvik barneskule_101	310527	06.09.2019
Innspel til Lonena_FMV_135	310528	06.09.2019
Innspel til Lonena_FNB_93	310529	06.09.2019
Innspel til Lonena_GryAnitaKjellstadli_111	310530	06.09.2019
Innspel til Lonena_IngunnIsdal_96	310531	06.09.2019
Innspel til Lonena_JanickeWedeldKjempenes_126	310532	06.09.2019
Innspel til Lonena_JuvikstølenVelforening_132	310533	06.09.2019
Innspel til Lonena_KetilTjore_130	310534	06.09.2019
Innspel til Lonena_KjetilSolland_112	310535	06.09.2019
Innspel til Lonena_LillCecilieBjørndal_131	310536	06.09.2019
Innspel til Lonena_Lynghagenburettslag_92	310537	06.09.2019
Innspel til Lonena_MDGAlver_120	310538	06.09.2019
Innspel til Lonena_MetteCathrineNordaas_113	310539	06.09.2019
Innspel til Lonena_NilsStene_69	310540	06.09.2019
Innspel til Lonena_SU Juvikstølen barnehage_138	310541	06.09.2019
Innspel til Lonena_ThereseWaageTref_86	310542	06.09.2019
Innspel til Lonena_Trond R. Bjørstad_109	310543	06.09.2019
Innspel til Lonena_TuridBjørstad_102	310544	06.09.2019
Innspel til Lonena_VA_140	310545	06.09.2019
Innspel til Lonena_VA_141	310546	06.09.2019
Innspel til Lonena_VegardHagen_118	310547	06.09.2019

Innspel til Lonena_ØrjanEirikValestrand_80_	310548	06.09.2019
Innspel til Lonenea_HansKristianDolmen_117	310549	06.09.2019
Innspel til Områdereguleringsplan for Lonena_KjetilSoltveit_58	310550	06.09.2019
Innspill Lonena_FNF_106	310551	06.09.2019
Innspill om Lonena_DeniseHagen_125	310552	06.09.2019
Innspill til Lonena_Byggesak_85	310553	06.09.2019
Innspill til Lonena_DeniseHagen_82	310554	06.09.2019
Innspill til Lonena_DeniseHagen_83	310555	06.09.2019
Innspill til Lonena_FrodeDahl_84	310556	06.09.2019
Innspill til Lonena_Nordhordland diabetesforbund_78	310557	06.09.2019
Innspill til Lonena_RagnhildVesteraas_79	310558	06.09.2019
Innspill til Lonena_ToveEmilieBaldysz_95	310559	06.09.2019
Innspill til Lonena_VibekePrestmoValestrand_88	310560	06.09.2019
Innspill til Lonena_ØrjanEirikValestrand_87	310561	06.09.2019
Innspill til Lonene_DeniseHagen_81	310562	06.09.2019
Innspill til Lonene_HalvardGrøttveit_60	310563	06.09.2019
Innspill til plansak Lonena_EmmaVesteraas_73	310564	06.09.2019
Innspill til plansak Lonene_Naturvernforbundet_74	310565	06.09.2019
Innspill til plansak Lonene_NilsStene_61_	310566	06.09.2019
Innspill til plansak Lonene_NilsStene_70	310567	06.09.2019
Merknad Lonena_FrodeJarland_99	310568	06.09.2019
Varsel om motsegn til Lonena_SVV_97	310569	06.09.2019
Merknadsskjema_planframlegg	311023	10.09.2019
Trekker motsegn - Områdeplan Lonena i Lindås kommune	311003	10.09.2019
Planid 1263_201610_Føresegner_09092019.PDF	311004	10.09.2019
AcosSvarInn.xml	311005	10.09.2019

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost